

ÅRSMELDING

// 2017



Kartverket



FOTO: JOHN LOWELL

GLIMT

FRÅ 2017



ELEKTRONISK TINGLYSING

Raud løpar, mange talar og godord: Markeringa av oppstart for elektronisk tinglysing 18. april vart ein festdag for Kartverket.

Statsråd Jan Tore Sanner tok seg tid til å helse på Elena Nyhagen, Hilde Støa og Sølvi Jæger Bentzen frå eigedomsdivisjonen.



NASA SAMARBEID

NASA og Kartverket signerte 7. august ein avtale om eit av nøkkelinstrumenta til Kartverket sitt nye jordobservatorium i Ny-Ålesund. NASA skal utvikle og levere ein satellittavstandsmålar (SLR).

Karen Feldstein i NASA og Per Erik Opseth i Kartverket signerer avtale som skal gje meir fakta om jorda og klimaendringane.



KOMMUNE- OG REGIONREFORM

Ved årsskiftet vart åtte kommunar til fire, og to regionar til ein. 50 kommunar vart digitalt bygde opp på nytt til 1.1.2018, då endringane formelt tok til å gjelde. Mange i Kartverket hadde ei hektisk romjul og nyttårshelg, og det var hyggeleg med besøk av statsråd Jan Tore Sanner 29. desember.

Her blir han orientert av prosjektleiar Wenche Rognås.



STARTUPLAB

Kartverket har i 2017 hatt eit samarbeid med StartupLab. Dei er den største inkubatoren i Noreg for teknologibaserte oppstartsbedrifter med over 70 bedrifter og 30 gründerar, lokaliserte på ca. 3 000 kvm i Forskningsparken i Oslo.

Fv. Nils Juell frå StartupLab, Kristin Skjerven (Kartverket), Per Einar Dybvik frå StartupLab, Reidun Kittelsrud og Tomas Martin Holtan (Kartverket).

MARITIME ROBOTICS SAMARBEID

Ein samarbeidsavtale om utvikling og testing av prototypar og operative kapasitetar for innsamling av djupedata, vart inngått mellom Kartverket og Maritime Robotics i mai 2017.

CEO Vegard Evjen Hovstein i Maritime Robotics og direktør Birte Noer Borrevik i sjødivisjonen ser fram til eit spanande samarbeid dei neste tre åra.



FOTO: VIDAR BØE

NYE NORGESKART.NO

Kartverket sitt viktigaste utstillingsvindaug, norgeskart.no, vann innovasjonspris på Norconsult sitt årlege brukarmøte.

Fornøgde prosjektmedlemmar som jobba med å få norgeskart.no over på ny plattform. Frå venstre: Henrik Lund Pedersen (IT), Marianne Gusgaard, Håvard Vidme (IT) og Carsten Mielke (IT).



FOTO: PER ANDERS BJØRKLUND

#HACK4NO

Statsråd, etatsleiarar, observatørar, studentar, gründerar, utviklarar, juniorhackarar, rettleiarar, ekspertar – til saman 700 personar var på #hack4no siste helga i oktober.



FOTO: OLE MAGNUS GRØNLI

MITT TURKART

Ny versjon kom sommaren 2017, då også med svenske data med norsk kartografi ca. 50 km inn på svensk side.

Alle kan enkelt skrive ut Kartverket sitt turkart «Noreg 1:50 000» gratis via funksjonen «Mitt turkart» i Norgeskart.no. Du får same kartdata som papirkarta.



FOTO: KARTVERKET

VERDAS NEST BESTE KART

Sjøkart nr. 455 Stavanger hamn med innseglingar vart kåra til verdas nest beste kart under den 28. internasjonale kartografikonferansen, International Cartographic Conference, i Washington DC tidleg i juli 2017.

Kjetil Wirak, med det synlege beviset, er gruppeleiar for papirkartgruppa i nautisk avdeling i sjødivisjonen.



FOTO: SISSEL KANSTAD





INNHALD

I	Leiarens fråsegn	s 5
II	Introduksjon til verksemda og hovudtal	s 9
III	Årets aktivitetar og resultat	s 14
IV	Styring og kontroll i verksemda	s 39
V	Vurdering av framtidsutsikter	s 48
VI	Årsrekneskap	s 52

Vedlegg:

- Tryggleikstilstanden til Kartverket 2017
- Likestilling

DEL I LEIARENS FRÅSEGN







I 2017 har Kartverket hatt god måloppnåing og vist gode resultat på dei mål og oppdrag gjevne av eigardepartementet vårt, Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kartverket har også i 2017 hatt god måloppnåing og vist gode resultat på dei mål og oppdrag gjevne av eigardepartementet vårt, Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Verksemda vår har vore retta inn mot sikker drift, fornying og auka digitalisering. Dette for å leggje til rette for enklare, raskare og betre tenester og leveransar til brukarane, og for å bidra inn i den felles nasjonale infrastrukturen med stadfesta informasjon.

Eg vil først trekkje fram arbeidet med elektronisk tinglysing. Dette er eit av dei største digitaliseringsprosjekta, både for Kartverket og nasjonalt. Den offisielle oppstarten av elektronisk tinglysing 18. april markerte ein milepåle for både Kartverket og for samfunnet. Ved opninga omtalte statsråd Jan Tore Sanner prosjektet som ein av dei «lågt-hengande fruktene» i digitaliseringsarbeidet til regjeringa, og som vil gje store samfunnsvinstar. Det er også hyggeleg at innføringa av elektronisk tinglysing vart nemnt i melding frå Kongen til Stortinget om rikets tilstand 9. oktober 2017. Det er framleis ein jobb å gjere for å få endå fleire til å ta dette i bruk, men vi har hatt ein god start.

Av dei prioriterte oppgåvene i 2017 vil eg også nemne prosjektet nasjonal detaljert høgdemodell (NDH). NDH-prosjektet er gjennomført på ein svært tilfredsstillande måte i 2017, trass i betydelege vêrutfordringar i sommarmånadene. Forvaltningsløysinga www.hoydedata.no fungerer svært tilfredsstillande både for innlasting, kontroll og tilgjengeleggjing av data. Ved årsskiftet er

resultata i overkant av det vi hadde som mål for året. Vi er også glade for at nødvendig tilleggsfinansiering er avklart i løpet av året.

2017 har også vore det første året Kartverket er eit ordinært bruttobudsjettert forvaltningsorgan, etter ein lang periode som forvaltningsbedrift. Dette har utfordra organisasjonen betydeleg, og vi har brukt store ressursar innan verksemds- og økonomistyring for å kunne styre på ein forsvarleg måte. Ein svært usikker budsjett-situasjon prega store delar av første halvår, og auka tildelingar gjennom revidert nasjonalbudsjett var kjærkomne. Uvisse rundt avslutning av året 2017 har også påverka planprosessen for 2018.

Ansvarer vårt knytt til kommune- og regionreforma har blitt løyst på ein svært tilfredsstillande måte i 2017. Dette gjeld både rolla som teknisk koordinator, og arbeidet med nødvendige systemendringar i matrikkelen. Kommune- og regionreforma vil krevje mykje av oss i åra som kjem. No er det lagt eit svært godt grunnlag for å handtere dette i ein endå større skala.

Vi har også i 2017 arbeidd tett saman med andre offentlege verksemder gjennom SKATE, og ser kor nødvendig det er at forvaltninga samhandlar stadig betre på tvers for å løyse dei felles utfordringane våre. Ikkje minst gjeld dette til forbetring av offentlege tenester ved auka digitalisering.

Arbeidet med nytt observatorium i Ny-Ålesund går i hovudsak etter planen. Ein viktig milepåle var signering av avtale med amerikanske NASA om levering av eitt av nøkkelinstrumenta til det nye jordobservatoriet. Satellittavstandsmålaren som NASA skal levere, er utstyrt med laser og kan bestemme avstanden satellittane har til jorda. Med plasseringa si i Ny-Ålesund på 79 grader nord vil den vere i stand til å følge satellittar over polområdet. Vi planlegg ei offisiell opning av det nye observatoriet i juni 2018 ved Brandalaguna i Ny-Ålesund.

For tredje året på rad arrangerte vi #hack4no, denne gongen med over 700 deltakarar. Vi er spesielt opptekne av barn og ungdom. Dette har blitt ein av dei største omdømemarkørane til Kartverket, og vi markerer oss på opne data og innovasjon. Dette gjer vi saman med ei rekkje andre statlege etatar.

Framlegg til nasjonal geodatastrategi vart levert til KMD i februar 2017. Strategien ser fram mot 2025 og har fått namnet «Alt skjer et sted». Arbeidet med strategien var også varsla i Meld. St. 27 (2015–2016) Digital agenda for Norge. I løpet av året har vi hatt dialog med KMD om vidare oppfølging, under dette etablering av ein handlingsplan saman med Samordningsgruppa i Norge Digitalt.

Internasjonalt har Kartverket arbeidd særleg innan geodesi og standardisering. Eg har som representant for dei nordiske landa sidan 2016 vore medlem av styret i Eurogeographics. Elles vil eg framheve at alle framlegg til UD om nye prosjekt har blitt godkjende. Det er i alt løyva 118 millionar kroner til prosjekt for gjennomføring i perioden 2018–2020.

I 2017 gjekk ansvaret for leiarvervet for den internasjonale standardiseringsorganisasjonen ISO si arbeidsgruppe for geografisk informasjon – TC211 – over frå Noreg til Sverige etter å ha

vore leia av fagdirektør Olaf M. Østensen sidan 1994. Fordi Østensen, som i 2009 vart utnemnt til riddar av St. Olavs orden på grunn av det store arbeidet sitt til fremje for geografisk informasjon, og som har vore ein eineståande representant for Kartverket både nasjonalt og internasjonalt, valde å pensjonere seg frå 1. januar 2018. Kartverket har av den grunn valt å seie frå seg leiinga for Standardiseringsrådet for IKT i offentleg sektor frå same tidspunkt.


Vi har gjennom året opplevd ulike hendingar relaterte til IT-tryggleik. Spesielt i 3. tertial har dette kravd mykje merksemd. Ingen alvorlege konsekvensar er identifiserte så langt, men vi ser at tryggleik kostar. Vi opplever ei oppvakning både hos oss og andre, når det gjeld dei verdiane knytte til nasjonal tryggleik som Kartverket forvaltar.

Samla sett meiner eg at vi også i 2017 har hatt ei god økonomi- og ressursstyring. Gjennom stadig tydelegare mål og prioriteringar har vi fått til mykje med dei ressursane vi har hatt. Vi har likevel nokre avvik, og desse vil bli gjort greie for seinare i årsmeldinga.

Dei gode resultatane til Kartverket er avhengig av dei mange dyktige medarbeidarane våre. Stort engasjement, kompetanse og evne til å dra i felles retning for felles måloppnåing kjenneteiknar organisasjonen. Ei stor takk rettast til alle, under dette den innsatsen som assisterande kartverksjef Knut Arne Gjertsen gjorde då han fungerte som kartverksjef under permisjonen min på 5 månader då eg leidde arbeidet med NOU 2017 : 11 – Betre bistand betre beredskap –.

ANNE CATHRINE FRØSTRUP
KARTVERKSSJEF

**DEL II
INTRODUKSJON TIL
VERKSEMDA OG
HOVUDTAL**





Kartverket sine kjerneverdier er inkluderende, kompetent, open, påliteleg og engasjert. Kartverket sin visjon «Det nye landskapet» opnar opp for moglegheiter i den nye framtida Kartverket skal inn i. Vi skal saman med andre gjenskape røynda i digital form og skape det nye digitale landskapet.

Kartverket er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), som i samarbeid med kommunane og statlege etatar forvaltar og vidareutviklar den nasjonale infrastrukturen for geografisk informasjon.

Kartverket har rundt 900 tilsette og er organisert i divisjonane geodesi, land, sjø og eigedom. I tillegg til desse fire har vi tre andre ressurs-einingar: IT, tenestene samla og kartverkstaben. Øvste leiar for Kartverket er kartverksjef Anne Cathrine Frøstrup.


Kartverket samlar inn, systematiserer, forvaltar og vidareformidlar offentleg stadfesta informasjon. Dette vil mellom anna seie at Kartverket har ansvaret for å levere:


- **Nasjonalt geodetisk grunnlag:** Kartverket har ansvar for stadfestingsgrunnlaget som kart- og oppmålingsarbeidet i Noreg byggjer på.
- **Posisjonstenester:** Tenester som fastset nøyaktig, satellittbasert posisjon.
- **Digitale kart:** Kartverket produserer og forvaltar nasjonale digitale kartseriar (land- og sjøkart).
- **Tinglysing:** Tinglysing i fast eigedom og delar i burettslag.
- **Eigedomsinformasjon:** Kartverket driftar dei nasjonale registra for offentleg eigedomsinformasjon (matrikkelen og grunnboka).
- **Stadnamn:** Forvaltar det nasjonale stadnamnregisteret (SSR).
- **Standardar:** Nasjonale standardar for kart og geografisk informasjon.
- **Elektronisk sjøkartteneste:** Driftar den internasjonale elektroniske sjøkarttenesta Primar.

Hovudkontoret til Kartverket ligg på Hønefoss. Vi har i tillegg 10 fylkeskartkontor, ein divisjon i Stavanger, tinglysing av burettslagsdelar og kundesenter for heile Kartverket i Ullensvang i Hardanger og eit jordobservatorium i Ny-Ålesund på Svalbard.

Kjerneverdiene til Kartverket er **inkluderande, kompetent, open, påliteleg og engasjert**. Kartverket sin visjon «**Det nye landskapet**» opnar opp for moglegheiter i den nye framtida Kartverket skal inn i. Vi skal saman med andre gjenskape røynda i digital form og skape det nye digitale landskapet.

I toppleinga til Kartverket er det små endringar i 2017. Kartverksjef Anne Cathrine Frøstrup vart i mai 2016 oppnemnt til å leie eit offentleg utval om den framtidige organiseringa av særorgana til politiet. Dette arbeidet heldt fram til juni 2017 og har ført til at assisterande kartverksjef Knut Arne Gjertsen delvis har fungert som kartverksjef også i 2017.





Leiargruppa i Kartverket består ved årsskiftet av:

Kartverkssjef Anne Cathrine Frøstrup	IT-direktør Olav Petter Aarrestad	Direktør eieendom Turid Ellingsen	Direktør geodesi Per Erik Opseth	Direktør sjø Birte Noer Borrevik	Direktør land Erik Perstuen	Kommunikasjonsdirektør Ole Magnus Grønli	Ass. Kartverkssjef Knut Arne Gjertsen
--	---	---	--	--	---------------------------------------	--	---



FOTO: PER ANDERS BJØRKLUND

// PRESENTASJON AV UTVALDE HOVUDTAL

Tal i 1 000 kr

Nøkkeltal frå rekneskapen for dei siste tre åra

	2015	2016	2017
01 Talet på årsverk	814	837	851
02 Lønnskostnader per årsverk	684	701	681
03 Lønsdelen av driftskostnader	47,3 %	43,8 %	44,7 %
04 Sum driftskostnader	1 177 400	1 341 309	1 297 956
05 Sum driftsinntekter	1 187 001	1 349 703	1 280 201
06 Årleg disponibel utgiftsløyving (samla tildeling) (kap. 595, post 01 og 21)	765 363	874 857	1 243 502
07 Utnytingsgrad (kap. 595, post 01 og 21)	94,1 %	98,2 %	101 %
08 Årlege inntekter (samla inntektskrav) (kap. 3595, post 01, 02 og 03)	-	-	818 683
09 Innfridd inntektskrav (kap. 3595, post 02 og 03)	-	-	118 %

Kommentarar til nøkkeltal:

01 Auken på 14 årsverk frå 2016 kjem i hovudsak frå auka bemanning innan IT og økonomi. I talet på 851 er det ca. 30 mellombelse årsverk som slutta ved årsskiftet. Desse blir ikkje overførte til 2018. Det vil bli noko oppbemanning og nyttilsetjingar i 2018, men ikkje i same omfang. Vi forventar difor at talet på årsverk ved utgangen av 2018 vil vere godt under 2016-nivå. Dette er ei styrt utvikling som følgje av trøngare økonomiske rammer i 2018.

02 Lønnskostnader per årsverk er redusert frå 2016. Dette skyldast i all hovudsak vesentleg lågare pensjonskostnader i 2017 samanlikna med 2016.

03 Lønsdelen av driftskostnaden har auka med 0,9 prosentpoeng frå 2016 til 2017. Lønnskostnadene isolert er redusert med nesten 18 mill. kroner frå 2016, hovudsakleg grunna lågare pensjonskostnader. Men reduksjonane i varekjøp og andre driftskostnader er større enn reduksjonen i lønnskostnader, og gjev ein høgare lønsdel av driftskostnadene i 2017 samanlikna med fjoråret.

04 Sum driftskostnader er noko lågare enn i 2016. Dette kjem både av lågare varekostnader, lønnskostnader og andre driftskostnader samanlikna med 2016. Det er berre avskrivingskostnadene som er høgare i 2017. Dette skyldast at Kartverket har innført SRS (statlege rekneskapsstandardar) og nye prinsipp for aktivering.

05 Kartverket har driftsinntekter knytte til inntekter frå løyvingar, gebyrinntekter, sal og samfinansiering. Jf. del VI. Dette nøkkeltalet er ikkje ein del av dei seks obligatoriske, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av

21.04.2017, men er teke med for å gje ein samanheng med nøkkeltalet driftskostnader.

06 Årleg disponibel utgiftsløyving består av årets tildeling inkludert overføringar og andre justeringar gjevne i tillegg til tildelingsbrevet (samla tildeling). I tabellen er ikkje tildelinga på kap. 595, post 30 Nytt geodesiobservatorium teken med. Kartverket endra tilknytingsform frå 01.01.2017, og har, i motsetnad til tidlegare år, både ei utgiftsramme og eit inntektskrav. Tala frå tidlegare år i tabellen over er difor ikkje samanliknbare med tala frå i år. Jf. del VI.

07 Utnytingsgraden er over 100 %. Kartverket har meir-inntektsfullmakt på kap. 3595, postane 02 og 03 som kan brukast til å auke utgiftsramma på kap. 595, postane 01 og 21 – jf. nøkkeltal 8. Dette nøkkeltalet er ikkje ein del av dei seks obligatoriske, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av 21.04.2017, men er teke med for å vise utnyttinga av årleg disponibel løyving.

08 Årlege inntekter på kap. 3595 viser inntektskravet til Kartverket frå tildelingsbrevet på kap. 3595, postane 01, 02 og 03. Tidlegare har ikkje Kartverket hatt eit inntektskrav og talet er difor ikkje samanliknbart med tidlegare år.

09 Innfridd inntektskrav er over 100 % og dekkjer med det opp utgifter som overskrid løyving på kap. 595, postane 01 og 21. Dette nøkkeltalet er ikkje ein del av dei seks obligatoriske, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av 21.04.2017, men er teke med for å vise at årlege inntekter er oppnådd jf. inntektskravet i tildelingsbrevet.

Sjå meir detaljar om desse nøkkeltala i del VI.

Tal i 1 000 kr

Presentasjon av volumtal for dei tre siste åra, status per 31.12.

		2015	2016	2017
01	Delen av fastlandsarealet dekt med detaljerte høgde- og terrengdata	15,2 %	20 %	42 %
02	Talet på kommunar med fulldigitale planregister tilgjengeleg på www.seplan.no	278	343	387
03	Talet på kommunar med nytt nasjonalt høgdegrunnlag (NN2000)	280	335	400
04	Talet på cache-oppslag per år for kartdata (tal i milliardar)	7,3	7,4	7,2
05	Eigedomar med vegadresser (del i prosent av totalen)	85,6 %	89 %	92 %
06	Prosentvis del av panteboka som er digitalisert	59 %	67 %	83,5 %
07	Delen av tinglyste dokument med saksbehandling under 4 dagar	98,1 %	98,5 %	97,7 %
08	Gjennomsnittleg svartid på tinglysingsaker for kundesenteret (sekund)	82	87	77
09	Delen feil i tinglysingsaker	0,2 %	0,2 %	0,4 %
10	Prosentvis del av dokument som tinglyst elektronisk	34,7 %	37 %	33 %
11	Gjennomløpstid frå sjømåling til tilgjengeleggjing av djupnedata (år)	2,6	1,9	3,1
12	Talet på nye brukarar av posisjoneringstenesta CPOS	-	-	355
13	Sjøareal målt med moderne målemetodar	32,8 %	34,0 %	35,3 %

Kommentarar til volumtal:

- » Volumtal nr. 1, 2, 6, 7, 8, 9 og 11 er nye frå og med 2016, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av 17.02.2016. Volumtal nr. 12 er nytt frå og med 2017, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av 21.04.2017.
- » Volumtal nr. 2. Ytterligere 23 kommuner blir ferdigstilt primo 2018. Det er ulike kriterier som kan nyttas for å avgjera om ein kommune har eit fulldigitalisert planregister. Fulldigitale planregister i denne samanhengen er at kommunane leverar plandata til Norge digitalt arealplandatabase (min. R2/ K1-nivå). Vi er i dialog med KMD om kva slags kriterier som skal nyttas vidare.
- » Volumtal nr. 7. 2017-talet viser resultatet for 2 dagar, jf. omtale i del III.
- » Volumtal nr. 10. For åra 2015 og 2016 visast tal for elektronisk tinglysing via pilotløsning som vart etablert i 2007. Det er verdt å merke seg at den løysinga ikkje er heil-elektronisk. 2017-kolonnen viser tal med den nye løysinga. Sjå meir omtale i del III.
- » Volumtal nr. 12. Dette er netttotal.
- » Volumtal nr. 13. Full skildring er: «Prosentvis kor mykje av arealet langs norskekysten som er målt med moderne målemetodar».

Dei fleste av desse volumtala er meir omtalte i del III i årsmeldinga.





DEL III
ÅRETS AKTIVITETAR
OG RESULTAT





FOTO: OLE MAGNUS GRØNLI



FOTO: PER ANDERS BJØRKLUND



FOTO: TOR ERIK BAKKE



FOTO: KERSTI NORDSKOG

Kartverket følgjast opp på totalt 11 styringsparametrar og 12 oppdrag i tildelingsbrevet for 2017, i tillegg er det nokre konkrete føringar. I høve til Verksemds- og økonomiinstruks for Statens kartverk skal del III i årsmeldinga innehalde ei utgreiing for, analyse og vurdering av resultat i høve til krav fastsett i tildelingsbrev og eventuelle andre brev.

Del III byrjar difor med ein kortfatta statusrapport på styringsparameter og oppdrag i høve til målstrukturen i tildelingsbrevet sitt punkt 3. Deretter kjem ei nærmare utgreiing, analyse og vurdering på utvalde område, der vi mellom anna går inn på vesentlege tilhøve i løpet av året som har noko å seie for departementet si styring og oppfølging, samt føringar gjevne i punkt 4 og 5 i tildelingsbrevet.

Vidare omtalar vi også

- » Gjennomførte evalueringar
- » Omfanget av innkrevjing av dokumentavgift

og tinglysingsgebyr (talet på rettsstiftingar)

- » Oppstilling av relevante kostnader sett opp mot staten sine gebyrinntekter frå tinglysing
- » Utgreiing for, analyse og vurdering av ressursbruk
- » Oversikt over gjennomførte investeringar med kommentarar
- » Ei samla vurdering av måloppnåing i høve til samfunnsoppdraget og rekneskapsåret totalt

Vi viser også ei oversikt på dei oppgåver som er komne til i løpet av året, gjennom tillegg til tildelingsbrev og andre bestillingar.

// MÅL 1: NORSKE LAND- OG SJØMRÅDE SKAL HA OPPDATERTE GRUNNKARTDATA

■ OK
 ■ MINDRE AVVIK
 ■ AVVIK

STYRINGSPARAMETER	STATUS
Auke sjømåling av areal langs norskekysten i tråd med brukarbehov.	I år har vi sjømålt 626 km ² . Dette har bidrege til at 35,2 % av norskekysten no er målt med moderne målingar. Resultatet for året er noko under det interne måltalet vårt, og ein liten nedgang i høve til 2016. Ei viktig endring i 2017 er at vi har innført ein ny metode for prioritering med fokus på brukarbehov og samfunnsøkonomisk nytte. Det har m.a. resultert i at måling på Svalbard, vart utvida med ca. 1 måned. I tillegg har brukarbehov bidrege til at mykje av målinga langs norskekysten har vore på grunt vatn.
Auke talet på standardiserte DOK-datasett (Det offentlege kartgrunnlaget) som er tilgjengeleg i Geonorge.	Dette arbeidet har gått bra i 2017. Vi hadde eit internt mål om 30 realiserte DOK-løyper, og resultatet vart 35. Analyse av bruken av Geonorge viser over 50 % auka bruk over det siste året og mange positive tilbakemeldingar frå brukarane. Det er også aukande oppslutning frå fleire av dei store dataeigarane rundt tilgjengeleggjering av eigne data gjennom Geonorge.
Halde framdrift i arbeidet med å etablere eit nytt geodetisk observatorium i Ny-Ålesund.	Har relativt god framdrift i prosjektet. Signering av SLR-avtale med NASA i august var ein viktig milepåle i 2017. Det ser ut til å bli ca. 10 månader forsinkning for oppstart av parallelle VLBI-målingar med gamal og ny antenne. Dette er uheldig, men ikkje kritisk enno. Den gamle antenna får i stadig større grad driftsavbrot som følgje av mekanisk slitasje og annan elde.
Auke delen av fastlandsarealet dekt med detaljerte høgdedata, basert på laserskanning og biletmatching	Dette er resultatata av prosjektet ny nasjonal detaljert høgdemodell. Per 3. tertial er godkjende detaljerte data for 135 600 km tilgjengelege i forvaltningsløyninga for høgdedata. Dette er over budsjett og prognose for året og ei vesentleg endring frå 2. tertial. Ved årsskiftet er no 42 % av totalt areal for prosjektet på plass og tilgjengeleg for brukarane (målet for året var 39 %). Dei gode resultatata i 3. tertial kjem frå auka areal både av nye og eksisterande laserdata som er kontrollerte og lagde inn i forvaltningsmodellen. Biletmatching er gjennomført i test med privat leverandør, men har ikkje gjeve ønskt kvalitet og gjennomføring. Difor valde vi å setje opp eigenproduksjonen i første fase. Prosjektet har i 2017 fått utvida rammene sine og forlenga lengda til 2022.
OPPDRAG	STATUS
01 Utarbeide eit framlegg til sams pilotprosjekt for metodeutvikling, utstyrstesting med vidare for marine grunnkart for kysten. Framlegget skal sendast til KMD innan 15.10.2017.	Rapporten er levert i høve til frist. Det har vore eit godt samarbeid mellom Kartverket, Norges Geologiske Undersøkelser (NGU), Havforskningsinstituttet (HI) og Norsk Institutt for Vannforskning (NIVA) i pilotprosjektet kalla Pre-MAGIN. Eit viktig moment var god brukarinvolvering og dialog med Kystverket, oppdrettsnæringa i Noreg, kommunar og fylkeskommunar (i pilotområda), Forsvaret, Miljødirektoratet og fiskerinæringa i Noreg. I 2017 vart satsingsframlegget omtalt i nasjonal presse tre gongar. Både Kartverket, NGU, HI og NIVA har halde mange presentasjonar om satsingsframlegget.
02 Fastsetje metode for å etablere ein kjent overgang mellom høgde-referansen på sjø og land innan 31.12.2017.	Dette arbeidet har vore organisert som eit prosjekt i 2017. Gjennomføringa har stort sett gått etter planen, men analysearbeidet viser at datagrunnlaget frå det valde testområdet i Søre Sunnmøre er for snevert til å gje eit representativt bilete av korleis samanknyttinga mellom referanserammene på sjø og land bør gjerast langs heile den langstrakte kysten i Noreg. Det er difor eit behov for å hente inn og analysere på eit breiare datagrunnlag – særleg for å få erfaring med korleis vi skal gå fram i dei lange fjordarmene på Vestlandet.



No blir det enklare, tryggare og billegare for folk flest å kjøpe og selje bustad.

STATSRÅD JAN TORE SANNER 18. APRIL 2017



// MÅL 2: TINGLYSING SKAL GJERAST FORSVARLEG, EFFEKTIVT OG MED KVALITET

STYRINGSPARAMETER	STATUS
Ei forsvareleg saksbehandling for tinglysing, med høg kvalitet og liten tidsbruk.	I første tertial vart 98,9 % av alle saker behandla og returnert brukar i løpet av fire dagar. Etter innføring av e-tinglysing og nytt fagsystem vart saksgangen endra til to dagar. Resten av året vart 97,7 % behandla og returnert brukar i løpet av to dagar. Dette er veldig gode resultat og ei stadfesting på at innføring av nytt fagsystem med heilt andre rutinar har gått utmerka! Vi har eit stabilt nivå på at 99,6 % av sakene tinglyst utan feil, og ventetida på kundesenteret har vore låg i 2017.
Auka digitalisering av panteboka.	I 2017 har vi digitalisert 15,9 % av panteboka. Det er eit lite avvik i høve til internt måltal, men likevel eit godt resultat. Vi har hatt ein ekstra innsats på dette i 2016 og 2017, med mange mellombelse tilsette gjennom eit eige prosjekt. Avviket frå målet kjem i hovudsak frå gradvis redusert bemanning gjennom året, då medarbeidarane forstod at prosjektet ikkje skulle forlengast. Sjå meir under volumtal i del II.
Stabilisering av yting og kapasitet og ytterlegare tilpassing til behova til brukarane av elektronisk tinglysing.	Dette arbeidet er organisert gjennom prosjektet «E-tinglysing versjon 1.1». Det har i all hovudsak blitt gjennomført etter plan. Leveransane dreier seg mellom anna om diverse feilrettingar og forbetringar i fagsystemet, betre brevlysingar internt, nye rettsstiftingar og varsling på SMS eller e-post for å gje informasjon til personlege rettshavarar når det skjer heimelovergang på eigedom deira. Siste leveranse produksjonssetjast 30. januar 2018.
OPPDRAK	STATUS
03 Setje i drift første versjon av elektronisk tinglysing innan 18.04.2017	Som gjeve opp i årsmeldinga for 2016 vart driftsetjing utsett til 18. april 2017. Dette vart gjennomført i høve til plan. Sjå omtale seinare i del III.
04 Kartverket skal innan 31.12.2017 gjennomgå eventuelle hindringar i lover og forskrifter i arbeidet med å leggje til rette for digitaliserte tenester.	Det er utarbeidd ein eigen rapport. Framlegg ferdigstilt 4. desember 2017. Denne skal behandlast internt før oversending til KMD. Dette skjer tidleg i 2018.
05 Levere framlegg til vinstrealiseringsplan for elektronisk tinglysing innan 30.04.2017.	Utkastet som vart levert per 28. april er noko justert etter innspel frå KMD og vinstrealiseringsplan versjon 1 vart sendt over 13. juni 2017.

// MÅL 3: EFFEKTIV TILGANG TIL OG BRUK AV KART OG EIGEDOMSINFORMASJON

■ OK ■ MINDRE AVVIK ■ AVVIK

STYRINGSPARAMETER	STATUS
Betere tilgang til geodata gjennom Geonorge.	<p>Dette arbeidet gjerast primært gjennom eit eige prosjekt for å vidareutvikle ny nasjonal geoportal (Geonorge). Vi har rekna ut ei måloppnåing på 81 % i høve til prosjektplanen. Det er enkeltleveransar som har blitt forseinka, men dei viktigaste tiltaka er gjennomførte. Arbeidet har hatt høg merksemd gjennom året, og det har vore ein tydeleg progresjon i 3. tertial. Når det gjeld tilgang til geodata er ein indikator kor mange kommunar som har stadfesta tilgang og bruk av tematiske geodata i Geonorge (som inngår i Det offentlege kartgrunnlaget – DOK). Dette har auka frå 150 til 193 gjennom året, men vi hadde eit mål om å få med langt fleire kommunar på dette. Avviket skyldast delvis dei interne prioriteringane våre.</p>
Betere basistjenester for vidarebruk av eigedomsinformasjon.	<p>Det er i 2017 utvikla fem elektroniske meldingar til tinglysing frå matrikkelen: oppretting av ny grunneigedom, ny festegrund, omgjerung av festegrund til grunneigedom, samanslåing og omnummerering. Arbeid med matrikkeldistribusjonsdatabase er i test og skal setjast i produksjon innan utgangen av januar 2018. I distribusjonsdatabasen for matrikkelen finst ikkje bygg med skjerna bygningstypar. Prosedyre for utlevering av opplysningar om skjerna bygningar vart ferdigstilt 1. juni. Prosedyren er etter det teken i bruk og fungerer bra slik regelverket er.</p>
Auka dekningsgrad av elektroniske sjøkartdata globalt gjennom Primar.	<p>Dekningsgraden for Primar på 98,0 % har vore uendra gjennom året. Det er derimot inngått avtale om medlemskap i Primar med Vietnam og Albania i løpet av 2017, i tillegg til ein leveringsavtale med Kina. Desse vil i løpet av 2018 levere ENC-ar inn til Primar og bidra til at dekningsgraden vil auke. Det er elles verdt å merke seg at Primar-tenestene fekk 3 134 nye brukarar i 2017. Dette er ein god indikasjon på korleis bruken av ENC-ar aukar globalt.</p>
Auka tal brukarar av CPOS.	<p>Ved utgangen av 2017 hadde vi 3 831 betalende abonnentar, for året under eitt fekk vi ein netto tilvekst på 355 nye abonnentar. CPOS fungerer godt og vi har tilfredsstillt krava til oppetid, både for datagrunnlaget og for sjølve tenesta.</p>
OPPDRAG	STATUS
06 Bistå KMD med å setje opp ei innsynsløysing på internett for KMD si behandling av innseiingsaker og andre relevante GIS-oppgåver innan 30. mai 2017.	<p>Kartverket har ved fleire høve teke opp at KMD må konkretisere føremål, krav med vidare for ei slik løysing. Det har ikkje skjedd. Det utviklast ny kartløyning i Geonorge som eventuelt kan bidra til å løyse nokre av behova KMD har.</p>
07 Gjennomføre naudsynt tilpassing av matrikkelen som følgje av kommune-reforma.	<p>Arbeidet er ferdig. Teknisk løysing for å handtere kommunereguleringar i matrikkelen («Marty») vart vidareutvikla for å handtere oppretting av regionar og større datamengder ved årsskiftet 2017/2018. 54 kommunar vart digitalt bygde opp på nytt og oppdaterte i matrikkelen til 1. januar 2018. Vi vurderer dette til å ha vore ein vel gjennomført prosess. Sjå eigen oversikt seinare i del III knytt til den øyremerkte tildelinga på 16,5 mill. kr.</p>

08 Ta vare på rolla som teknisk koordinator av statlege etatar om IKT-spørsmål i kommune- og regionreforma og vere kontakt med fagleg støtte for kommunane i samband med endringar av kommunenummer og adressering som følge av kommune- og regionreforma.

Arbeidet har i heile 2017 gått i høve til plan og budsjett. Ny og forbetra sjekklister er utvikla og implementert. Kartverket har fått ei rekkje positive tilbakemeldingar på arbeidet sitt og rolla si gjennom året. Prosjektet har delteke på konferansar og hatt møte med involverte partar i løpet av året. Samarbeidet internt i samordningsforum og spesielt med dei store aktørane KS, NAV, SSB, Brønnøysundregistra, Skatt og Helse har fungert svært bra. Sjå eigen oversikt seinare i del III knytt til den øyremerkte tildelinga på 5,5 mill. kr.

09 Vidareføre utviklinga av stadfesta informasjon og andre data om universell utforming i samsvar med handlingsplan for universell utforming innan 31.12.2017.

Tillegg til tildelingsbrev datert 25. januar 2017. Detaljerte føringar om gjennomføring er gjevne i brevet, med øyremerkte tildelingar til tre tiltak.

- 1) Formidling av metode for kartlegging av uteområde i Norden.
- 2) Kartlegging av uteområde – kommunesenter og friluftsområde.
- 3) Drift og vidareutvikling av datasett som er relevant for indikatorutvikling.

Sjå eigen omtale seinare i del III knytt til den øyremerkte tildelinga på 2,0 mill. kr.

10 Etablering masse-distribusjonsløyving for matrikkelen (oppdrag 10). Auka løyving på 16,5 mill.

Sjå oppdrag 7.

11 Diverse oppgåver knytte til plan- og bygningsloven (pbl).

Diverse oppgåver knytte til pbl (tillegg til tildelingsbrev datert 28. juni 2017). Her er det gjevne øyremerkte tildelingar på i alt fem ulike element / deloppdrag, i sum drygt 2,3 mill. kr. Seinare er det gjevne ytterlegare 1,0 mill. kr til to andre oppdrag under same overskrift. Dette arbeidet er i all hovudsak gjennomført som planlagt.

Utrulling av geosynkronisering i Vestfold: Prosjektet er gjennomført i 2017. Svært vellykka prosjekt som vart ferdig før tida trass svært stram tidsplan som inkluderte leverandørar, kommunar, og fleire einingar i Kartverket.

Utlån av medarbeidar til KMD: Tildelinga er brukt til dekking av løn og reisekostnader for utlån av ein konkret medarbeidar til KMD.

Sjølveteningsløyving plan- og byggjesak: Fase 1 er fullført og prosjektplan på det nærmaste godkjent ved årsskiftet. Det er brukt ekstern konsulent for utarbeiding av rettleiar for praktisk bruk av plandata gjennom Noreg digitalt. Målet er å ta ut større del av vinstane ved at digitale plandata er etablert i dei fleste av kommunane i landet og gjort tilgjengeleg for Noreg digitalt-brukarar gjennom Noreg digitalt arealplanløyving. DOK-eignaheitsanalyse gjennomført – rapport levert frå Norconsult.

Geointegrasjon: Gjennomført som planlagt. 2 rapportar for vidare utvikling leverte.

Sjå eigen oversikt seinare i del III knytt til den øyremerkte tildelinga på 3,3 mill. kr.

FELTARBEID OM SOMMAREN.
TYNGDEMÅLINGER MED ABSOLUTT GRAVIMETER.



12 Innmelding av skjermingsverdige objekt.

Svar er levert KMD 17. august 2017. Vi har også respondert på dei oppfølgingsspørsmåla som kom i etterkant. Ved årsskiftet avventar vi framleis vurderinga til KMD.

x Oppdrag om tekniske tilpassingar i matrikkelen som følgje av ny eigarsaksjonslov. (utan nr., gjeve gjennom tillegg nr. 4 til tildelingsbrevet)

Spesifiseringa er sett i gang og endringa blir produksjonssett i versjon 3.14 av matrikkelen, 30. mai 2018. Departementet er informert om planen.

xx 1,0 mill. kroner brukast til oppgradering av omsyn til IKT-tryggleik (utan nr., gjeve gjennom tillegg nr. 5 til tildelingsbrevet).

Beløpet brukt fullt ut. Sjå omtale om tryggleik i del IV og i eige vedlegg.


KARTVERKET SITT NYE JORDOBSERVATORIUM
I NY-ÅLESUND I MARS 2017.



// NÆRMARE UTGREIING, ANALYSE OG VURDERING PÅ UTVALDE OMRÅDE, INKL. PUNKT 4 OG 5 I TILDELINGSBREVET.

Av prioriterte oppgåver i 2017 må først arbeidet med elektronisk tinglysing nemnast. Dette er eit av dei største digitaliseringsprosjekta, ikkje berre for Kartverket, men også nasjonalt. Produksjonssetjing 18. april gjekk heilt etter planen. Resten av 2017 har det nye fagsystemet (Elida) hatt ei oppe-tid på tilnærma 100 %. Fagsystemet har blitt godt motteke av medarbeidarane. Overgangen frå 4-dagarsflyt til 2-dagarsflyt for den manuelle prosessen har også gått svært bra. Det som har vore utfordrande i 2017 har vore å få brukarane til å ta i bruk den nye løysinga. Eit av måla for e-tinglysing var at 50 % av samla tal på rettsstiftingar skulle kome inn elektronisk innan 31. desember 2017. Som gjeve opp tidlegare i rapporten er ikkje dette målet nådd. Tabellen nedanfor viser utviklinga i delen elektronisk innsendt i 2017 (etter innføring av Elida 18. april):

Delen elektronisk innsendt




Som volumtalet i del II viser er talet for 2017 noko lågare enn for 2016, men det er skjedd ei omlegging blant brukarane slik at delen heil-elektroniske dokument har auka kraftig. Den tidlegare løysinga med gjenpartar (delvis elektronisk), som mange bankar brukte, er ikkje vidareført i ny løysing. Dette vil også seie at bruken av elektronisk signerte dokument i tilhøvet mellom bank og deira brukarar har auka. Dette er


ei indirekte følgje av innføringa av nytt fagsystem. Gjennomført brukarundersøking i november fortel oss at det er seks hovudgrunnar til at brukarane ikkje tek i bruk den nye løysinga, sjå omtale av denne brukaranalysen seinare i del III. At framlegg til endringar i finansavtalelova om elektronisk kausjonsansvar ikkje tek til å gjelde i 2018 er også med på å forseinke måloppnåinga vår.

Departementet har ønska at vi etablerer ein publikumsportal, med høve for elektronisk tinglysing, som eit verkemiddel ut mot enkelt-personar og mindre næringslivsaktørar. Aktivitetar rundt ny publikumsportal blir starta på i 2018. Allereie no har Kartverket fleire aktuelle tenester som førebur publikum for framtida. Dette gjeld særleg Se eiendom som er blitt ein informasjonskanal ut mot brukarane som er påliteleg, godt kjent, mykje brukt og ikkje minst blir oppfatta som ei god og nyttig teneste. Diagrammet under viser ein kraftig auke i talet på oppslag knytte til fast eiendom frå oppstart sommaren 2014 til desember 2017.

Oppslag Se Eiendom – per år



Denne tenesta kan utviklast vidare med meir innhald, gjerast enklare og tilpassast alle handhaldne einingar. På veg mot auka digitalisering har Kartverket kanalen som kan opne for gode publikumstenester. Her kan vi tilby nye og framtidsetta tenester i samarbeid med brukarane våre.



Arbeidet med nytt observatorium i Ny-Ålesund går i hovudsak etter planen. Som omtalt i del I var ein viktig milepåle i 2017 signering av avtale med NASA om levering av eitt av nøkkelinstrumenta til det nye jordobservatoriet, SLR. Dette har vore ein lang og tung prosess, men som til slutt gav resultat. Det har i 2017 vore problem med å kome i gang med parallelle VLBI-målingar med gamal og ny antenne. Årsaka ser ut til å vere utfordringar med mottakarutstyret i VLBI-antennene, som følgje av at radar frå cruiseskip i fjorden gjentekne gongar øydela utstyret for oss. Ei slik forseinking får konsekvensar for kor lenge vi må halde den gamle antenne operativ, og ho får stadig fleire driftsavbrot som følgje av mekanisk slitasje og anna elde. Dette er uheldig, men ikkje kritisk enno. Vi merkar i aukande grad dei auka driftskostnadene ved å operere to antenner, noko som vi må fortsetje med inntil den gamle antenne kan takast ned i 2021. SLR er forventat operativt frå 2022, og med det ligg vi to år bak opphavleg plan på tid. Økonomien i prosjektet er under kontroll. Den økonomiske rest-uvissa er redusert i løpet av året, og vi har ein prognose som tilseier at vi hamnar innanfor Kartverket si styringsramme (P50).

Som vi rapporterte om i årsmeldinga for 2016 opplever vi for lang saksbehandlingstid knytt til stadnamn. I første tertial 2017 fokuserte vi på å kartleggje saksomfang og restansar på fleire område innanfor stadnamnarbeidet. Dette viste diverre betydelege restansar og for lang saksbehandlingstid. Vi har gjennom året gjort fleire tiltak knytte til ressursar, styring og organisering av arbeidet, og vi ser ei klar betring på slutten av året. Vi vil følgje opp dette med ytterlegare tiltak i 2018.

Auka digitalisering av panteboka har vore eit satsingsområde også i 2017. 83,5 % av heile pantebokarkivet er no digitalisert, og vi ser at om lag 88 % av alle eksterne bestillingar kan hentast digitalt. Dette er ein auke på 50 % på 2014, og viser at digitaliseringa gjev ein klar vinst. Arbeidet med vidare digitalisering av panteboka trappast likevel noko ned i 2018.

Arbeidet med å innføre vegadresser i heile landet har også i 2017 gjeve svært gode resultat. Ved årsskiftet kan vi rapportere at 92 % av adresseobjekta i landet no har vegadresse (sjå meir under volumtal i del II). I løpet av 2017 har ytterlegare 75 000 personar fått vegadresser der dei bur. For fem år sidan var det heile 86 kommunar utan ei einaste vegadresse. I 2016 var det 18, og no er det berre 6 kommunar. Meir detaljar kan du finne på nettsidene våre, www.kartverket.no. Vi haustar no vinsten av det gode arbeidet det interne prosjektet vårt gjennomførte i perioden 2012–2014. Det vi ser er eit kjempegodt døme på vinstrealisering for samarbeidspartnarane våre etter at prosjektet er avslutta.

Det har i 2017 vore avgjerande å få gjennomført nødvendig tilpassing av matrikkelen som følgje av kommune- og regionreforma. Teknisk løysing for å handtere kommunereguleringar i matrikkelen («Marty») vart vidareutvikla for å handtere oppretting av regionar og større datamengder ved årsskiftet 2017/2018. Dette er det same som har blitt omtalt som «massedistribusjonsløysing for matrikkelen». Ved årsskiftet vart åtte kommunar til fire, og to regionar til ein. 50 kommunar vart digitalt bygde opp på nytt til 1. januar 2018, då endringane formelt tok til å gjelde. Mange i Kartverket hadde ei hektisk romjul og nyttårs-helg, og det var hyggeleg med besøk av statsråd Jan Tore Sanner fredag 29. desember. Sanner gav uttrykk for at han var veldig godt fornøgd med den jobben som Kartverket har gjort og gjer i samband med reforma. I tillegg til arbeidet med matrikkelen, har vi hatt ei veldig viktig oppgåve som teknisk koordinator. Kartverket har fått ei rekkje positive tilbakemeldingar på arbeidet sitt og rolla si gjennom året. Sjekklista på kartverket.no blir oppfatta som svært nyttig både for statlege etatar og de råka kommunar og fylke.

Når det gjeld matrikkelen generelt har vi gjennom året gjort ei nærmare vurdering av den tekniske tilstanden på sjølve systemet. Vi ser no at det er behov for å prioritere ei større oppgradering for å kome à jour med det som ein kan kalle teknisk gjeld. Vi har i planarbeidet for 2018 sett av ein del middel til dette, noko som er i tråd med føringar frå KMD i tildelingsbrevet for 2018.



STATSRÅD JAN TORE SANNER VAR MED PÅ LASERSKANNING I MAI. HER SAMAN MED FUNGERANDE KARTVERKSSJEF KNUT ARNE GJERTSEN

Som skrive tidlegare i del III har prosjektet ny nasjonal detaljert høgdemodell hatt svært gode resultat i 2017. Det er Kartverket som leiar kartleggingsprosjektet, som er eit spleiselag mellom KMD og sju andre departement. Ved årsskiftet er 42 % av totalt areal for prosjektet tilgjengeleg i forvaltningsløysinga for høgdedata (målet for året var 39 %). Prosjektet har også fått brei medieomtale i 2017, med m.a. statsråd Jan Tore Sanner som var med i fly på laserskanning i mai.

Arbeidet med å utvikle ein nasjonal geodata-portal (Geonorge) har heldt fram i heile 2017. Prosjektet har hatt utfordringar internt i 2017, men hadde ein betydeleg progresjon på slutten året (sjå omtale tidlegare i del III). Vi vil også i 2018 prioritere betydelege middel til vidare oppgradering og utvikling av løysinga.

Sentral FKB-prosjektet er eit viktig prosjekt for Kartverket. Dette vil bidra til at kommunane sine mest detaljerte kartdata oppdaterast i ein sentral database framføre i lokale originalar, og med det vil det gje oppdaterte data til fleire raskare enn tidlegare. Løysinga har hatt betydelege utfordringar med stabilitet og respons i første halvår av 2017. Å løyse dette har fått høgaste prioritet, og i løpet av hausten har løysinga stått fram som velfungerande for brukarane. Det er jobba svært godt med innsalet ovanfor kommunane, og heile 191 kommunar oppdaterer direkte ved årsskiftet.

På slutten av 2017 vart ein revidert avtale med Kystverket si utbyggingsavdeling om sjømåling og prosessering av data signert. Strukturen

på avtalen er endra for å betre synleggjere dei einskilde leveransar og etablere ei god knyting til kostnadsdekkinga. Avtalen stillar også sterkare krav til planlegging, noko som vil gjere det meir føreseieleg for begge paratar. I 2017 leverte vi elles 86 måledøgn med tilhøyrande føre- og etterarbeid til Kystverket. Dette er om lag på same nivå som i 2016.

I 2016 og 2017 har vi hatt mykje merksemd på utfordringa med ubalanse mellom innsamling og prosessering når det gjeld sjømåling. Dette vart også omtalt i årsmeldinga i fjor. Vi ser lite synleg effekt av dei grepa og tiltaka som er gjort så langt. Ein indikator på dette er at behaldninga av måleoppdrag i kø har auka gjennom året. Vurderinga vår er at det tek tid før arbeidet gjev resultat, men at det også er naudsynt med ytterlegare tiltak. Eit av desse er autoprosessering, som etter planen vil vere i produksjon i løpet av første halvår 2018. Mange av måleoppdraga vil også «takast ut av køen» og prosesserast berre om vi eller andre har behov for dei. Dette er i hovudsak data frå eksterne leverandørar som til dømes FFI. Det har ikkje følgt med noko konkret brukarbehov med datasetta. I tredje tertial har vi starta opp eit konkret prosjekt som skal gå meir i djupna på denne problemstillinga. Hovudspørsmålet er «Korleis sikre betre balanse mellom brukarbehov, prosessering og datafangst». Dette avsluttast tidleg i 2018 og rapporten derfrå vil bli formidla til KMD. Rapporten vil også innehalde vurderingar av korleis sjømålingskapasiteten kan takast vare på framover.

Saman med Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) har vi planlagt gjennomføring av prosjektet «Geolett», arbeid med ei sjølvbeteningsløyning for plan og byggjesak i 2018. Dette har i hovudsak blitt utført i andre halvår, og har hatt ei noko dårlegare framdrift enn ønskeleg. Det er DiBK som er ansvarleg for prosjektet, men vi har ei svært sentral rolle i gjennomføringa.

Hackathonet vårt (#Hack4NO) vart gjennomført siste helga i oktober. Det var tredje året på rad, denne gongen med over 700 deltakarar. Målet vårt er å etablere #Hack4NO som ein årleg, nasjonal arena for opne data og kunnskapsutveksling på Hønefoss. Også i år var dette arrangementet ein stor suksess. Vi meiner at Kartverket gjennom #Hack4NO har etablert seg som ein føregangsetat for tilgjengeleggjing og bruk av opne data.


Når det gjeld den øyremerkte tildelinga på 2,0 mill. kr til universell utforming, har dette arbeidet i hovudsak gått bra i 2017. Nær heile beløpet er brukt, og følgjande aktivitetar er gjennomførte:

- For å formidle ein metode for kartlegging av uteområde i Norden har Kartverket organisert ein workshop med Danmark, Island og Irland i Reykjavik i juni 2017. Vidare vart ein tilsvarende workshop halden i desember 2017 i Vilnius i Litauen. Metoden skal også presenterast på ein internasjonal konferanse i Vilnius i april 2018.
- I høve til kartlegging av uteområde i kommunesenter og friluftsområde, utlyste Kartverket våren 2017 eit høve for å få økonomisk støtte. 20 prosjekt vart godkjente. Opplæring av prosjektdeltakarar skjedde via dagskurs i Bodø, Vadsø, Oslo og Molde i løpet av mai og juni. 17 prosjekt vart slutførte hausten 2017, to blir utsette til 2018, eitt prosjekt vart avbrote.
- Av oppgåver som er utførte knytte til drift og vidareutvikling av datasett relevante for indikatorutviklinga vil vi framheve fleire tilhøve. Noregskart-løysinga er kome i ein betre online-versjon, som gjev betre tilgjenge på mobil og nettbrett. Vidare er det gjort ein test for automatisk generering av hellingsdata for fortau og turstiar (basert på laser). Resultatet frå testen


gav oss innsikt i at dagens data framleis ikkje er tilstrekkelege. Kartverket presenterte kartleggingsmetoden for uu-data under eit arrangement i GeoForum Hedmark og Oppland, og på International Cartographic Conference (ICC2017) i Washington i juli. Kartverket presenterte nye rapportverktøy på Erfaringskonferanse om uu i samarbeid med BLD i Oslo i november.

Våre data blir brukte meir og meir. Ein indikasjon er volumtalet som er omtalt i del II om oppslag mot cache-tenestene våre (tabell 2015–2017). Isolert sett er dette ein indikasjon på mindre bruk, men dette må sjåast i eit større bilete. Analysen vår syner at ein svak nedgang i oppslag på cache-tenestene kan vere eit signal om at dette er teknologi vi bør erstatte. Det er ikkje dramatiske tal, men Kartverket bør etter kvart fokusere på alternative metodar for visningstenester som eksempelvis vektortiles. Vektortiles er i ferd med å bli standard når det gjeld visningstenester. WMS har dobla seg gjennom introduksjon av nye tenester på eksempelvis høgdedata og auka bruk av eigendoms-karta som brukar desse tenestene.

Cache-tenester (mrd)



WMS



// FELLESFØRING OM Å UTNYTTE TILDELTE RESSURSAR BETRE OG AUKE PRODUKTIVITETEN (JF. TILDELINGSBREVET PUNKT 4.1)

Tildelingsbrevet for 2017 peikte på at Kartverket skal arbeide systematisk med å utnytte tildelte ressursar betre og auke produktiviteten. Det er vidare peika på fire ulike verkemiddel, der digitalisering av arbeidsprosessar og tenester skal leggjast vekt på. Vi vil her vise status for oppstarta (gjennomførte og pågåande) og planlagde effektiviseringstiltak, kopla til nemnte fire verkemiddel.

Vi vil først omtale den generelle føringa om at vi skal arbeide systematisk med å utnytte tildelte ressursar betre og auke produktiviteten. Først må dei seiast at dette ikkje oppfatast som ei ny føring. Det er eit generelt krav til statlege verksemdar gjennom m.a. reglement for økonomistyring i staten § 4 b, der det heiter at vi skal sikre at «ressursbruken er effektiv». Dette må difor sjåast i ein større samanheng, under dette korleis vi organiserer og gjennomfører intern verksemdsstyring. Nokre døme på det systematiske arbeidet vårt i den samanhengen følgjer under:

- Etablering av eit verksemdsstyringsteam frå ca. 2012. Tilretteleggjar for jamlege kutt- og effektiviseringsprosessar der vi m.a. etablerer malar og kriterium for å vurdere ulike tiltak opp imot kvarandre.
- Innføring av Agresso som forretningsssystem frå 2015. Gjev eit betre verktøy for å kunne analysere og følgje opp internt i Kartverket.
- Interne satsingar. Set av ein pott for utviklingsprosjekt som vedtakast på overordna nivå. Ønskjer å prioritere middel til prosjekt som vil gje ein effekt på effektivisering.
- Innføring av porteføljestyling for prosjekta i Kartverket frå 2017.

Nedanfor følgjer status for effektiviseringstiltak, kopla til dei fire verkemidla.

- » **Digitalisering**
- » **Omorganisering**
- » **Prosessforbetring**
- » **Annan bruk av teknologi**

Digitalisering:

- Prosjektet SentralFKB er i stor grad både eit digitaliserings- og prosessforbetringstiltak. Dette gjeld både for kommunane som oppdaterer direkte og ikkje lenger driv ei filbasert forvaltning, for Kartverket som no forenkler arbeidet vårt, og ikkje minst for brukarane som har direkte tilgang til kontinuerleg oppdaterte data. Tilbakemeldinga frå kommunane er at den nye løysinga allereie er arbeidssparande også for arbeidet deira.
- Geonorge-prosjektet tilbyr verktøy og modular som forenkler og digitaliserer distribusjonen av stadfesta informasjon for mange dataeigarar, også Kartverket. Talet på oppslag i Geonorge har auka med over 70 % frå 2016 til 2017.
- NDH-prosjektet tilbyr enkel tilgang på detaljerte høgdemodellar som forbetra kunnskapsgrunnlag til bruk både offentleg og privat. Både kommunar og store etatar som NVE, NGU og NIBIO gjev uttrykk for at dei no har lett tilgang på dei beste dataa og at dei brukar høgdedata i oppgåveløysinga si.
- Plandata – gjennom prosjektsatsing både i 2016 og 2017, er no innsyn i plandata enkelt tilgjengeleg for involverte i planprosessar og for publikum på ein forenkla måte.
- Digitalisering av Den norske los. Pågåande prosjekt som digitaliserer og automatiserer ein tidlegare manuell prosess. Kan frigjera ressursar internt i Kartverket.
- Autoprosessering i samband med sjømåling. Blir sett i produksjon i 2018, og kan auke produktiviteten i Kartverket.
- Digitalisering av panteboka er eit langsiktig digitaliseringsprosjekt med synlege vinstar (omtalt i årsmeldinga elles).
- E-tinglysing i seg sjølv er eit enormt digitaliseringsprosjekt (omtalt i årsmeldinga elles).
- Diverse tiltak for å auke delen av elektroniske fakturaar, både inngåande og utgåande (sjå omtale i årsmeldinga elles).



Omorganisering:

- Gjennomført ein omfattande OU-prosess i den nye eigedomsdivisjonen etter oppretting 1. januar 2017. Matrikkel- og stadnamnavdelinga frå landdivisjonen vart då slått saman med tinglysingsdivisjonen.
- Vi har reorganisert internasjonale tenester for å styrke intern koordinering av internasjonal verksemd.
- Sentralisert ansvar for fleire administrative fellestenester.
- Gjennomført ein OU-prosess i geodesidivisjonen der fleire av måla med prosessen understøttar ei betre utnytting av ressursane og ein meir effektiv arbeidskvardag.
- Gjennomført OU-prosessar og implementering av ny organisering for Trøndelag og Troms/ Finnmark. Begge dei nye fylkeskartkontora har organisert seg med faggrupper på tvers av sine to kontorstaradar med mål om styrka samla kompetanse og gjennomføringsevne.
- Prøveprosjekt med ei planleggjarrolle i sjødivisjonen gjennomført i 2017. Oppfattast som vellykka og blir vidareført. Betyr meir systematisk arbeid med planlegging av sjømåling og prosessering, med tanke på meir optimal utnytting av ressursane.
- Auka delen internt tilsette IT-ressursar sett i høve til eksterne (dyre) konsulentar. Ei naturleg utvikling då ansvaret og oppgåvene våre knytte til IT aukar, inkludert behovet for utviklingskapasitet.
- Optimalisering av IT-styringsmodell og tilhøyrande praksis, rutinar og linjer. Eigen IT-utviklingssjef på plass tidleg i 2017.

Prosessforbetring


- Etablering av elektronisk saksflyt mellom saksbehandlingsklienten i det nye fagsystemet for elektronisk tinglysing og arkivsystemet til Kartverket.
- Det visast til skildring under overskrifta digitalisering med tanke på særleg Sentral FKB, Geonorge og NDH som fører med seg betydelege

prosessforbetringar for både kommunane, andre aktørar i infrastrukturen og Kartverket. Medan prosjekta pågår hentast det ut vinstar i viktige prosessar, men den fulle effekten vil først bli synleg når prosjekta er fullførte.

- Det pågår samstundes eit kontinuerleg forbetringsarbeid som innfører prosessuelle forbetringar i verksemda vår. Eit døme er innanfor arbeidet med vedlikehald av nasjonale kartdata og vegnett, der oppdateringsfrekvensen er betydeleg forbetra over dei siste åra.
- Vi har i 2017 etablert ny rammeavtale for bruk av eksterne IT-konsulentar innanfor utvikling. Denne er meir fleksibel og bør også gje ei økonomisk innsparing over tid.
- Betydeleg auke i bruk av Se eiendom vil m.a. seie færre førespurnader per telefon til oss, men ikkje minst forenklingar for brukarane ved at eigedomsinformasjon er tilgjengeleg for alle 24/7.
- Frå 4 til 2 dagars saksbehandling av manuelle tinglysingsdokument i samband med innføring av elektronisk tinglysing. Stor forbetring for brukarane.

Annar bruk av teknologi

- Det visast til skildring under digitalisering med tanke på særleg Sentral FKB, Geonorge og NDH. Prosjekta nemnt over innfører alle ein annan bruk av teknologi enn tidlegare.
- Ei rekkje tiltak innanfor teknisk infrastruktur innan lisensoptimalisering.
- Førebu innføring og etablering av verksemdsarkitektur som verktøy for effektivisering av digitaliseringsprosessar. Vil m.a. seie ei meir overordna styring av kva hovudprinsipp innan teknologi som systema våre skal ha. Bør også gje økonomisk effekt over tid.
- Diverse forbetringar på interne administrative system, m.a. knytt til telefoni.
- Tenesteeigar i Altinn der vi brukar løysinga til å hente inn dokument som skal tinglysast samt utlevering av grunnbokutskrifter.



Vidare skal det gjerast greie for korleis effektiviseringsvinstane av tiltaka hentast ut, slik at vinstane kan omdisponerast til prioriterte område. Her er det først verd å merke seg at for mange av dei tiltaka som er nemnte over, vil vinsten synleggjerast andre stadar i samfunnet enn internt i Kartverket. Det er krevjande å kartleggje og følgje opp vinstar som ligg utanfor Kartverket, men vi ser at det er eit behov for å gjere det. I 2018 vil det bli etablert konkrete vinstrealiseringsplanar for prosjekta Sentral FKB, NDH og

Geonorge som skildra over. Dette er eit arbeid vi vil gjere saman med samarbeidspartar og andre interessentar. Elles kan vi nemne at prosjektmodellen vår har innarbeidd tilhøvet til vinstrealisering, med mellom anna eigne malar. Vi er samstundes framleis i ein utprøvingfase når det gjeld den praktiske oppfølginga av korleis vi hentar ut vinstane. Det er uansett eit viktig første skritt at vinstrealisering blir synleggjort og sett fokus på i heile prosjektløpet.

// ADMINISTRATIV FØRING OM LÆRLINGAR (JF. TILDELINGSBREVET PUNKT 4.2)

I tildelingsbrevet for 2017 er det gjeve opp at Kartverket kvart år skal vurdere om vi kan auke talet på lærlingar og tilby opplæring i nye lærefag. Konkret er det stilt krav om at vi til ei kvar tid skal ha minimum ein lærling.

Kartverket har ved årsskiftet fire lærlingar. Vi har to lærlingar innan IKT-faget, ein lærling innan Kontor- og administrasjonsfaget, samt ein kadett innan dekk- og maskinfag på fartøyet vårt Hydrograf. Vi har gjennom året vurdert konkrete

høve for både å auke talet, og tilby opplæring i nye lærefag. Vi opplevde også mange søkarar til lærlingplassane i haust, men kom til at vi ikkje hadde kapasitet til å auke talet. Det nye i 2017 er praksisplassar kvar fredag for to elevar frå Ringerike videregående skole i kontor- og administrasjonsfaget, og ein elev frå Hønefoss videregående skole i IKT servicefag. I 2018 er det eit mål å auke til seks lærlingar. Det er også verd å merke seg at vi har hatt to kadettar gjennom store delar av 2017, men altså berre ein ved årsskiftet.

// KOMPETANSEHEVING FOR BEREDSKAP (JF. TILDELINGSBREVET PUNKT 4.3)

Kartverket har ein plan for gjennomføring av kompetanseutvikling på tryggleik som er basert på eigne føringar i samband med ISO 27001 og tryggingsslova. Rundskrivet som er skildra i tildelingsbrevet er ikkje motteke. I 2017 har vi gjort ei rutinemessig oppdatering av kompe-


tanseoversikta på området tryggleik. Tre lokale tryggleikseiarar har gjennomført kurs i grunnleggjande tryggleik, og ein har delteke på kurset «tryggleiksstyring» hos Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM). Sjå meir om tryggleik og beredskap i del IV og i eigen rapport.

// DIGITAL POST

Digitaliseringsrundskrivet 2015 og eige brev datert 14.01.2016 gav Kartverket i oppdrag å ta i bruk Digital postkasse til innbyggjarar. I samråd med Difi laga vi ein plan for denne overgangen, og løysinga vart sett i drift tidleg i 2017. Det som gjenstår er å få på plass ei løysing for næringslivet.


Ein del av temaet digital post er elektroniske fakturaar. Dette har hatt ei positiv utvikling i 2017, men tala er lågare enn dei interne måla våre. Vi ønskjer å auke delen elektroniske fakturaar vesentleg i 2018. Vi ser at dette kan gje konkrete innsparingar både med omsyn til interne prosessar rundt fakturabehandling, og reduserte portoutgifter.

Delen elektronisk faktura i %



Når det gjeld portoutgifter er det små endringar i 2017. Dei samla kostnadene ligg på rundt 12 mill. kr. Det er eit paradoks når vi i tildelingsbrevet for 2017 fekk ei redusert tildeling på 4,5 mill. kr som følgje av digital post. Dette er ei teoretisk vinstrealisering, som i praksis betyr eit kutt for Kartverket som vi må realisere på anna vis. Det er også ei misforståing at digital post er gratis. Her er det systemkostnader både til utvikling og drift. Men sjølv om ein isolerer berre dei reine portoutgiftene, er det inga reell innsparing for Kartverket. I 2017 er det auka kostnader grunna nytt krav om at alle som tinglyser skal få ei grunnbokutskrift per eigedom. Dette vart innført samstundes med elektronisk tinglysing. I tillegg er desse kostnadene ein effekt av kor mange dokument som kjem inn til tinglysing, og Posten sine satsar på porto. Begge delar er utanfor Kartverket sin påverknad.

Portokostnader per år



// GJENNOMFØRTE EVALUERINGAR

I Kartverket sin interne verksemds- og økonomi-instruks er det valt ein relativt vid definisjon av «evalueringar». Ofte vil leveransar som kallast utgreiing, gjennomgang, analyse, kartlegging, undersøking, revisjonar og brukarundersøkingar passe i definisjonen av «evalueringar».

I 2017 er det gjennomført ei rekkje interne analysar, brukarundersøkingar, revisjonar og evalueringar. Dette gjerast ofte som ein del av ordinær verksemdsstyring og på eit lågare nivå i organisasjonen. Av dei litt større og meir vesentlege evalueringane vil vi trekkje fram følgjande:

Brukarundersøking

Brukarorientering var ei fellesføring i 2016. Som planlagt gjennomførte vi ei større overordna brukarundersøking/omdømmemåling i første tertial 2017. Kvart andre år gjennomfører vi ei brei kjennskaps- og omdømmeundersøking blant eit representativt utval av befolkninga i Noreg. Undersøkinga i år vart gjort før påske, og rapporten med resultatata var klar i juni. Tilliten til Kartverket har auka signifikant på parametrar som samfunnsnytte, kvalitet, samfunnsutviklande og nyskapande. Hovudkonklusjonane kan oppsummerast som følgjer:

- Dei fleste har høyrte om Kartverket, men relativt få veit kva Kartverket gjer.
- Kjennskapen til Kartverket er svakare samanlikna med andre offentlege verksemdar med brukarretta tenester. Han aukar med alder og utdanning.
- 35 prosent av befolkninga har vore i kontakt med Kartverket dei siste fem åra.
- Tilliten til Kartverket er langt høgare hjå dei med høg kjennskap til Kartverket enn dei med låg kjennskap.
- Kvar fjerde nordmann har besøkt kartverket.no. Dei aller fleste leitar etter kartinformasjon eller tinglysing.
- Dei fleste brukarane finn det dei leitar etter, og nettsidene opplevast som brukarvenlege.
- Dei negative tilbakemeldingane handlar om nettsidene blir oppfatta som typisk offentlege nettsider
- Kartverket står fram som ein attraktiv, offentleg og sikker arbeidsplass


Kostnadsstrukturen i sjødivisjonen

KPMG har gjort ein gjennomgang av kostnadsstrukturen i sjødivisjonen. Målsetjinga med oppdraget har vore å utarbeide ei overordna vurdering av det faktiske kostnadsbiletet, der vi

skil mellom innsamling, produksjon og leveranse av data. Denne analysen vil gje innspel til ytterlegare analysar, for å vurdere kva som bør vere eit realistisk kostnadsnivå for sjødivisjonen og kostnadsbasen til dei ulike avdelingar i verdikjeda. Arbeid med datainnsamling, analyse og utkast til rapport vart i hovudsak utført i 2016. Endeleg rapport vart ferdigstilt i februar 2017. Denne rapporten er viktig input til det vidare arbeidet, m.a. til det konkrete prosjektet om «Korleis sikre betre balanse mellom brukarbehov, prosessering og datafangst» som er omtalt tidlegare i del III.

Pre-MAGIN

Kartverket har i tildelingsbrevet blitt bedne om å utarbeide eit framlegg til felles pilotprosjekt for metodeutvikling, utstyrstesting med vidare for marine grunnkart for kysten. Dette er gjort i forprosjektet Pre-MAGIN, eit samarbeidsprosjekt mellom Kartverket, Norges geologiske undersøking (NGU), Havforskningsinstituttet (HI) og Norsk institutt for vannforskning (NIVA). Kartverket har prosjektleiinga. Gjennom dette prosjektet er det gjort både ein forenkla samfunnsøkonomisk analyse og ein usikkerheitsanalyse.



Brukaranalyse for elektronisk tinglysing

I november vart det gjennomført ein brukaranalyse for elektronisk tinglysing. Føremålet med undersøkinga var å kartleggje grunnane til kvifor verksemdene ikkje har teke i bruk løysinga for elektronisk tinglysing, og eventuelt finne grunnlag for tiltak som Kartverket kan setje i gang for å auke talet på brukarar av løysinga.

Per 1. november var det registrert totalt 212 verksemdar med brukaravtale, fordelt på 112 bankar, 78 eigedomsmeklarverksemdar, 12 advokat-verksemdar, 4 inkassoverksemdar og 6 andre verksemdar (eigedomsutviklarar, rettshjelp).

Kontrollen mot aktive innsendarar viste at det totalt var 51 av desse som ikkje har sendt inn elektroniske dokument. Bransjefordelinga av desse verksemdene var: 32 eigedomsmeklarforetak, 13 advokatfirma og 6 andre verksemdar.

Av dei 51 aktuelle verksemdene fekk vi kontakt med 30 i løpet av tida vi gjennomførte undersøkinga. Gjennomgangen av svarskjemaa viste at det var seks hovudgrunnar til at løysinga endå ikkje er teken i bruk:

- » **Kostnad**
- » **Banksamarbeid (banken til kjøpar brukar manuelle pantedokument)**
- » **For lite volum**
- » **Kortare behandlingstid for papirinnsendte saker**
- » **Problem med oppfølginga frå teknisk leverandør**
- » **Vanskeleg å finne leverandør av teknisk løysing**

Den mest uttalte grunnen, på tvers av bransjar, er kostnaden ved å bruke tredjepartsløysingane, utvikla av Ambita og Websystemer.

For meklarbransjen har fleire kopta kostnad mot den kortare behandlingstida for papirinnsendte saker, og indikerer at kost-nytte-vurderinga for mange av meklarane gjer at dei framleis vel å sende saker på papir.

Fleire meklarar har også svart at elektronisk tinglysing først er aktuelt når bankane tek i bruk elektroniske pantedokument som kan sendast via meklar, og såleis kan tinglystast samstundes med skøyte, dvs. skøytepakker.

For advokatbransjen er hovudgrunngevinga kostnad. Nokre svarte også at volumet blir for

lite i høve til kostnad. Nokre advokatar opplever det som mangelfull rettleiing at vi ikkje orienterer om kva aktørar i marknaden som tilbyr teknisk løysing.

For verksemdene under kategorien «Anna» er grunngevingane i hovudsak at volumet av saker er for lite til at løysinga er aktuell.

Brukaranalyse av Geonorge

Det er utført ein brukaranalyse av Geonorge som viser at bruken av Geonorge har teke seg kraftig opp det siste året. I dei første ni månadene i år er det registrert 124 000 unike brukarar, som er ein auke på 70 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Talet på økter er i same tidspunkt auka frå 168 000 til 279 000, ein auke på 66 %. Ein nærmare analyse viser at i dei tala var det ein god del robotar. Difor har vi nedjustert tala, og som gjeve opp tidlegare i del II ansege over 50 % auka bruk. Talet på sidevisingar er også auka med 67 %. Det einaste talet som er «negativt» er gjennomsnittleg «øktlengde», som har gått ned frå 2 minutt og 12 sekund til 2 minutt og 5 sekund. Dette reflekterer vonleg at dei som er innom nettstaden finn det dei skal raskare enn tidlegare. Denne analysen viser at konseptet og føremålet vårt med vidareutvikling av portalen Geonorge er på rett spor.



Intern medarbeidarundersøking

Anna kvart år gjennomfører vi ei intern medarbeidarundersøking. I 2017 vart undersøkinga gjennomført i 3. tertial. Denne er vidare omtalt i del IV.

Interne revisjonar

Interne revisjonar gjennomførte i 2017 er omtalte i del IV.

Tal i 1 000 kr

// TABELLEN UNDER VISER EI OVERSIKT OVER STATUS PÅ DEI ØYREMERKTE MIDLA SOM ER GJEVNE KARTVERKET I 2017

PROSJEKT	LØYVING	KAP./POST	REKNESKAP	MERKNAD
Massedistribusjonsløyving for matrikkelen (oppdrag 10)	16 500	595/21*	15 450	Jf. tillegg nr. 3 til Tildelingsbrevet
Forvaltningsoppgåver stadnamnlova, drift og utvikling av sentralt stadnamnregister (SSR).	5 454	326/21	5 454	Belastningsfullmakt frå Kulturdepartementet
Oppgåver knytte til digitalisering av plan- og byggjesaksprosessar (Plan- og bygningslova) (oppdrag 11)	3 320	500/21	3 320	Belastningsfullmakt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Oppgraderingar IKT-tryggleik	1 000	500/21	1 000	Belastningsfullmakt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Teknisk koordinator at statlege etatar om IKT-spørsmål i kommune- og regionsreforma (oppdrag 8)	5 500	571/21	2 114	Jf. Tildelingsbrevet, Rammeoverføring til kommunesektoren
Universell utforming (oppdrag 9)	2 000	872/71	1 984	Belastningsfullmakt frå Barne- og likestillingsdepartementet
Nasjonal detaljert høgdemodell***	3 892	1410/21	3 892	Belastningsfullmakt frå Klima- og miljødepartementet
Mareano	48 646	1424/21	24 330	Belastningsfullmakt frå Klima- og miljødepartementet
Primar**	13 500	595/21	13 500	Jf. tillegg nr. 3 til Tildelingsbrevet

* Løyvinga er gjeven på post 21, men brukt til å dekkje lønskostnader som er vedteke at skal førast på post 01. Resterande kr 900 000 frå RNB-løyvinga til kommunereforma frå 2015 er også brukt i dette arbeidet i tråd med føring i tillegg nr. 3 til tildelingsbrevet.

** Kartverket har i RNB fått ekstra løyving for å dekkje endra utbetalingstakt i Primar. Midla er brukte fullt ut, men det gjenstår ein del forpliktingar ved årsskiftet som følgje av problem med utbetaling til einskilde medlemsland.

*** Dette er ei tilleggsfinansiering i tillegg til den ordinære finansieringa av prosjektet over dei ordinære rammene til Kartverket.

Utover gjevne løyvingar på eigne kapittel eller belastningsfullmakter, har Kartverket motteke tilskot på kr 350 000 frå Klima- og Miljødepartementet til støtte til prosjektet Arctic SDI - Betre tilgang og bruk av geografiske data for arktiske havområde. Dette er brukt fullt ut.

// INTERNASJONAL VERKSEMD

Kartverket engasjerer seg internasjonalt på eit breitt spekter av fagområde. Under følgjer eit utval av internasjonalt arbeid som vi har jobba med i 2017.

Det nordiske samarbeidet er tett og godt innanfor fleire fagområde. Kvart år møtast dei nordiske kartverka for å dele kunnskap og kompetanse. Her kan m.a. nemnast at det årlege møtet mellom dei nordiske kartverksjefane vart halde i Noreg i 2017.

Geodesi har utvikla seg til å bli eit fag der global tenking er naturleg. Observatoriet i Ny-Ålesund er ein del av eit internasjonalt nettverk, og effekt-måla for prosjektet det nye jordobservatoriet let seg ikkje nå utan sams innsats frå fleire av dei bidragsytande landa. Dette krev internasjonal samhandling. Vi må delta, vi må forstå og vi må påverke der vi meiner det er behov for det. Vi har styrka dei internasjonale aktivitetane på områda dei siste åra, og ser for oss at vi må fortsetje med det i åra som kjem. FN-engasjementet er ein del av dette. I november 2017 nådde vi ein milepåle gjennom at UN-GGIM oppretta ein permanent underkomité for geodesi. Kartverket har saman med Australia leia arbeidsgruppa i UN-GGIM fram til opprettinga av underkomitéen. Sommaren 2018 arrangerer divisjonen generalforsamling for fagmiljøet bak global VLBI-utvikling, drift og analyse, i tilknytning til opninga av jordobservatoriet i Ny-Ålesund.

Etter avtale med UD har Kartverket representert Noreg i «Advisory Board» for UN-Habitat sitt program for landrettar og i komiteen for koordinering av internasjonale donorar på landretts-området.

Vi har i 2017 også bidrege i arbeidet i UNGEGN (FN si ekspertgruppe for geografiske namn).

Ei rekkje bistandsprosjekt vart avslutta i 2017, slik at berre to tidlegare prosjekt i Moldova blir vidareførte i 2018. Det vart sendt inn ei rekkje framlegg til UD om nye prosjekt. Alle søknadene vart godkjende. For Balkan ønskte UD ein rammeavtale som dekkjer alle dei aktuelle landa. Over rammeavtalen er det løyva 47 millionar kroner. For tidlegare Sovjet-statar har UD løyva 26 millionar for prosjekt i Georgia, 10 millionar for Kirgisistan og 36 millionar for Ukraina. Det er i alt løyva 118 millionar for prosjekt for gjennomføring over tre år 2018–2020. I tillegg gjenstår 11

millionar av tidlegare løyving for prosjekt i Moldova. Kartverket utfører dessutan eit prosjekt i Sudan med finansiering frå Olje for utvikling-programmet. Det albanske sjøkartverket har kome godt i gang med sjømåling med den tidlegare målebåten vår «Sjøfalk» etter at han vart levert til Albania i februar. Kursing og opplæring er gjennomført, og to faste vasstandsmålarar er anskaffa og skal plasserast i 2018. Prosjektet avsluttast 30. juni 2018, men UD har løyva budsjett til eitt oppfølgingsprosjekt for Albania for åra 2018 til 2020.

Arctic Spatial Data Infrastructure (Arctic SDI) er eit samarbeid mellom 8 nasjonale kartverk i Canada, Finland, Island, Noreg, Russland, Sverige, USA og Danmark. Dette inkluderer også administrasjonen på Færøyane og sjølvstyret på Grønland. Noreg leiar ei av arbeidsgruppene i Arctic SDI. Arbeidet utviklast vidare i samarbeid med Arctic Council. I 2017 har Finland hatt leiarvervet. Den tekniske infrastrukturen for samarbeidet blir drifta av Kartverket. Det blir no arbeidd med initiativ for å inkludere informasjon for dei arktiske marine områda, og det er samarbeid med IHO om dette. Arbeidet blir støtta gjennom regjeringa sitt program Arktis 2030.



FOTO: JOHN LOWELL

I AUGUST DELTOK KARTVERKET PÅ MØTET TIL DEN ARKTISKE KOMMISJONEN ARCTIC REGIONAL HYDROGRAPHIC COMMISSION (ARCH), UNDERLAGD DEN INTERNASJONALE HYDROGRAFISKE ORGANISASJONEN (IHO). DANMARK VAR VERTSNASJON, OG MØTET VART HALDEN PÅ ILULISSAT PÅ GRØNLAND

FOTO: EVERT FLIER



// INNKREVJING AV DOKUMENTAVGIFTA

I 2017 er det kravd inn dokumentavgift for kr 9 235 693 970, ein klar vekst sett opp mot 2016 som diagrammet viser. Når det gjeld sjølve innkrevjinga eller innfordringa, vart det sendt 614 fakturaar til Statens innkrevjingssentral i 2017, ein liten nedgang frå 2016. Desse fakturaane inneheld både krav på dokumentavgift og tinglysingsgebyr.


Totalt tal på fakturaar sendt ut i 2017 er 556 634.

Dokumentavgifta utgjer 2,5 % av avgiftsgrunnlaget, og hovudregelen er at salspris på eigedomen utgjer avgiftsgrunnlaget. Auken i innbetalt dokumentavgift kjem delvis av ein pris som følgje av prisstiging på bustader og delvis ei mengdeeffekt som følgje av fleire eigedomsoverdragingar. For 2017 ser vi at det totale volumet av innkravd dokumentavgift har ein monaleg auke (8 %) frå 2016. Salsprisen på eigedomane aukar framleis, men det største bidraget er nok talet på eigedomsoverdragingar som er tinglyste. Sistnemnte har auka med 3,5 % i 2017 i høve til 2016.


Talet på rettsstiftingar er reelt sett på same nivå som i 2016. 2016-talet i diagrammet er kunstig høgt på grunn av ein særskild transport av meir enn 31 000 pantedokument i samband med oppretting av eit nytt selskap i Skandiabanken.

Tal i 1 000 kr

Innbetalt dokumentavgift



Antall rettsstiftelser fast eigedom og boret



// UTREKNING AV RELEVANTE KOSTNADER SETT OPP IMOT STATEN SINE GEBYRINNTEKTER FRÅ TINGLYSING, SAMT INNTEKTER FRÅ SAL AV EIGEDOMSDATA

I oversikta nedanfor har vi gjort ei samanstilling av alle direkte og indirekte kostnader samt inntekter som er knytte til Kartverket si verksemd med innsamling, forvaltning og formidling av data knytt til grunnbok og matrikkel. I 2017 har Kartverket hatt eit inntektskrav på 424 000 mill.

kroner knytt til gebyrinntekter frå tinglysing.

Differansen mellom inntekter og kostnader er i hovudsak den same i 2017 som dei tre føregåande åra. De ter altså framleis eit signifikant avvik i høve til sjølvkostprinsippet.

Tal i 1 000 kr

KOSTNADER	2015	2016	2017
Tinglysing drift	222 575	238 885	238 902
Tinglysing utvikling (e-tinglysing/ny grunnbok/ny pantebok mv.)	37 507	38 910	28 456
Matrikkel drift (forvaltning, brukarstøtte, avskrivningar mv.)	35 647	39 970	44 039
Matrikkel utvikling (ink. Marty-kommune utv. program)	8 015	9 826	17 694
Formidling av eigedomsdata – grunnbok	2 343	2 350	2 350
Formidling av eigedomsdata – matrikkel	3 782	2 763	2 763
Sum kostnader	309 869	332 344	334 304
INNTEKTER			
Gebyr burett fakturert Kartverket	-57 888	-61 142	} 422 473
Gebyr burett frå Ambita	-4 796	-466	
Gebyr fast eigedom fakturert Kartverket	-331 162	-371 343	
Gebyr fast eigedom frå Ambita	-36 256	-3 372	
Sum gebyr	-430 102	-436 323	422 473
Formidlingsinntekter – grunnbok	-5 845	-6 160	8 103
Formidlingsinntekter – matrikkel	-1 933	-1 970	2 356
Sum sal eigedomsdata	-7 778	-8 130	10 459
SUM INNTEKTER	-437 880	-444 453	-432 932

Merknader til tabellen:

- » Tala for 2017 er frå verksemdsrekneskapen. Dette vanskeleggjer direkte samanlikningar med tidlegare år, men gjev eit greitt grunnlag for samanlikningar i åra som kjem. Dette fører m.a. med seg at «nye kostnader» i form av avskrivningar for matrikkelssystemet, 2,9 mill. kr og samla 6,4 mill. kr for grunnbok/Elida med vidare inngår i kostnadsbiletet for drift tinglysing og matrikkel.
- » Ordninga med at Ambita kravde inn gebyr på vegner av staten opphøyrd frå 01.01.2016, men slik at inntektene frå desember 2015 vart innbetalt i januar 2016. For 2017 rekneskapsførast gebyrinntekter berre samla.
- » Auken på kostnadssida frå 2015 til 2016 er delvis knytt til auka aktivitet på e-tinglysingsprosjektet. Vidare er 9,8 mill. kr av auken på tinglysing drift knytt til auka digitalisering av panteboka, og 6,1 mill. kr forklarast med ei teknisk flytting av kostnadene med forvaltning av ny grunnbok.
- » Gebyrinntektene er reduserte i 2017, men er på eit «normalt» nivå. Gebyrinntekta i 2016 var kunstig høg, på

grunn av ein særskild transport av meir enn 31 000 pantedokument i samband med oppretting av eit nytt selskap i Skandiabanken. Denne «tekniske» transaksjonen innebar om lag 16 mill. kr i auka gebyrinntekter.


» Fordeling mellom drift og utvikling for tinglysing er ikkje samanliknbar mellom 2015 og 2016. I 2015 vart forvaltning av ny grunnbok vurdert som «utvikling». Dette er endra til «drift» i 2016.

» Arbeidet med kommunereform og tilpassingar i matrikkel, vart ved ein inkurie ikkje teke med i rekneskapstala for 2015. Dette utgjer 3,913 mill. kr i 2015. Kostnaden på 6,3 mill. kr i 2016 er inkludert i linja «matrikkel utvikling».

» Tinglysing drift inkluderer reelt også Kartverket sine kostnader knytte til dokumentavgiftsforvaltninga. Vi kan ikkje skilje ut desse kostnadene i rekneskapen, men i samband med utgreiingsarbeidet om endringar i dokumentavgiftsforvaltninga anslo ein Kartverket sine kostnader knytt til dette til om lag 3,5 mill. kroner. Dette er ikkje inkludert i tala over.

// UTGREIING FOR, ANALYSE OG VURDERING AV RESSURS-BRUK INKLUDERT KOMMENTARAR OG FORKLARINGAR TIL VESENTLEGE MEIR- OG MINDREUTGIFTER/INNTEKTER.


Delen av driftskostnader i Kartverket fordeler seg på følgjande måte mellom resultateiningane:



Det er berre mindre endringar i prosentvis fordeling av driftskostnader mellom resultateiningane samanlikna med 2016. Den største prosentvise endringa ligg hos tenestene. I 2016 var delen av driftskostnadene på 9 %, men delen er på 15 % i 2017. Noko av endringa kjem av fleire årsverk og dertilhøyrande lønskostnader. Vidare er mange kostnader sentraliserte i tenestene frå 2017. Den største posten er husleigekostnader og tilhøyrande felleskostnader som ligg på 51,2 mill. i 2017 mot 6,5 mill. i 2016. I tillegg er eininga internasjonale tenester flytta frå landdivisjonen til tenestene frå 01. januar 2017. Geodesidivisjonen er den resultateininga som har størst reduksjon i delen driftskostnader samanlikna med 2016. I 2016 vart alle kostnader til jordobservatoriet i Ny-Ålesund førte som driftskostnad i samsvar med dåverande retningslinjer. I 2017 er tilsvarande investeringar aktiverte som anlegg under utføring med nesten 30 mill. kroner, som følgje av innføring av SRS. Dette kjem då ikkje fram som driftskostnader i rekneskapen.

Driftskostnadene er 3 % lågare i 2017 samanlikna med 2016, jf. nøkkeltal i del II. Varekostnader, lønskostnader og andre driftskostnader er noko reduserte frå 2016. Årsaka til reduserte lønskostnader i 2017 skyldast vesentleg lågare pensjonskostnad enn i 2016. I 2018 er pensjonskostnaden venta å liggje på 2016-nivå igjen. Avskrivingskostnaden har derimot dobla seg samanlikna med fjoråret. Dette har direkte samband med innføring av SRS og dertil gjeldande retningslinjer for varige driftsmiddel.

Delen av årsverk i Kartverket fordeler seg på følgjande måte mellom resultateiningane:



Talet på årsverk i Kartverket har auka med 14 frå 2016 til 2017. Det er berre mindre endringar i prosentvis fordeling av årsverk i resultateiningane samanlikna med 2016. Den største endringa er knytt til opprettinga av eigedomsdivisjonen (+3 %) som medførte at ein del årsverk vart flytta frå landdivisjonen (-3 %).

Det er naturleg å gjere ein nærmare analyse av fordeling av driftskostnadene i samband med fordeling av årsverk mellom einingane. Det er landdivisjonen som står for størst del av dei totale driftskostnadene i Kartverket med 31 %, medan dei står for 23 % av totale årsverk. Landdivisjonen har høg grad av kjøp av tenester i samband med sine samfinansierte prosjekt, der mellom anna prosjektet Nasjonal detaljert høgdemodell har utgifter på 57,1 mill. kroner i 2017, noko som forklarar den høge delen av driftskostnader samanlikna med årsverk.

Sjødivisjonen sin del av dei totale driftskostnadene i 2017 er på 22 %, medan delen av totale årsverk er på 14 %. Dette er i tråd med tidlegare år. Reiarlagsverksemda til divisjonen gjev ein spesiell stor driftskostnad som avvik frå dei andre resultateiningane i Kartverket. I eigedomsdivisjonen ser vi eit motsett bilete av korleis det er i sjødivisjonen og landdivisjonen. Totale årsverk utgjer 36 % medan driftskostnadene berre utgjer 17 %. Dette forklarast med at kostnadene i divisjonen i hovudsak er lønskostnader, og lite kjøp av tenester samanlikna med andre resultateiningar.

// UTNYTTINGSGRAD OG MEIR-/MINDREFORBRUK 2017

Kartverket har i 2017 hatt fullmakt til å overføre mellom postane 01, 21 og 45. Vidare har Kartverket ei meirinntektsfullmakt, som gjev fullmakt til å overskride driftsløyvinga under kap. 595, postane 01 og 21 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03. I 2017 har Kartverket eit meirforbruk på både post 01 og 21, med respektive 7,1 mill. og 10 mill. Det er difor ein utnyttingsgrad på 100 % på postane 01 og 21. Kartverket har ikkje hatt utgiftsramme på post 45 i 2017. Jordobservatoriet på Ny-Ålesund (post 30) har ein utnyttingsgrad på 51,8 %. Ubrukte middel søkast overført til 2018.

UTNYTTINGSGRAD		
Post 01	Driftsutgifter	100,8 %
Post 21	Spesielle driftsutgifter	102,8 %
Post 30	Jordobservatoriet Ny-Ålesund	51,8 %


Kartverket har eit meirforbruk på postane 01 og 21 som er dekt inn av meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03. Meirforbruket knyter seg til auka aktivitet og må sjåast i samheng med auka inntekter. Samstundes har Kartverket eit mindreforbruk på løyving på post 30 i 2017 med 31 mill. kr knytt til nytt jordobservatorium i Ny-Ålesund. Årsakene til mindreforbruket skyldast hovudsakleg forseinkingar i anskaffing av breibandsfeed, samt at det er brukt mindre middel til SLR og VLBI-instrumentering enn budsjettet.

Kartverket har dei siste tre åra hatt eit mindreforbruk på kap. 595, postane 01 og 21. Då Kartverket endra tilknytingsform frå 01. januar 2017 vart føresetnadene for bruken av postane 01 og 21 vesentleg endra. Til og med 2016 var kap. 595, post 01 utelukkande meint å dekkje utgifter til høyrande tinglysing og matrikkelen, medan kap. 595, post 21 var utgiftskapittelet der Kartverket fekk resten av løyvinga si frå. I tillegg hadde Kartverket rammer på kap. 2465, post 45. Frå 2017 er løyvinga til ordinær drift i heile Kartverket gjeven på kap. 595, post 01, under dette alle lønsutgifter. Løyvinga gjeven på kap. 595, post 21 har dekt utgifter til tidsavgrensande prosjekt og andre aktivitetar knytt til inntektssida. Løyvinga gjeven på kap. 595, post 01 kan også nyttast på post 21, og omvendt.

Tabellen nedanfor viser driftsutgifter per måned i 2016 og 2017 samla for kap. 595, post 01 og 21:

Driftsutgifter per mnd


Tal i 1 000 kr



Sjølv om driftsutgiftene i 2016 og 2017 ikkje er direkte samanliknbare på grunn av endra tilknytingsform, har vi vist begge åra for å sjå samanhengar knytte til utbetalingsperiodar. Driftsutgiftene ser i stor grad ut til å oppstå i same periodar i 2016 og 2017, men det vil alltid vere variasjonar som følgje av mellom anna utbetalningar i store tidsavgrensande prosjekt. Dei unormalt låge driftsutgiftene i februar 2017 kan i stor grad sjåast i samheng med innføring av ny tilknytingsform og at det var uvisse i resultatene knytte til dei nye rutinane.

Kommentar og oversikt over gjennomførte investeringar

Tal i 1 000 kr



Det er ei vesentleg endring i investeringar samanlikna med 2016. I 2017 innførte Kartverket bruk av SRS – Statlege rekneskapsstandardar.

Grensa for poolaktivering har i 2017 vore på kr 30 000 i høve til SRS 17, mot kr 200 000 tidlegare. Det er også aktivert meir på system enn tidlegare, mellom anna er kjøp av tenester i samband med investeringar aktivert. Dette gjer at det blir ein høgare del av aktivering i 2017 samanlikna med tidlegare år. Nytt jordobservatorium i Ny-Ålesund er aktivert med nesten 30 mill. i 2017 (Geodesi).

Det er IT som har den største delen av kostnader knytt til investeringar, med 48 mill. kroner. Investeringane hos IT fordeler seg med ca. 50 % på datamaskiner, serverar, skrivar med vidare og ca. 50 % på systemutvikling/programvare.

// ANDRE RELEVANTE RESULTAT OG AKTIVITETAR

I tillegg til det opphavlege tildelingsbrevet har vi motteke nokre tillegg til tildelingsbrevet og

særskilde tilskotsbrev i løpet av året. Desse er gjengjevne i oversikta under.

DOK. NR.	AVSENDAR	TITTEL	DOKUMENTDATO
16/02768-20	KMD	Tillegg til tildelingsbrev nr. 1. 3 separate oppdrag. (1) Belastningsfullmakt kap. 1424, post 21. Kr 4 901 000 til arbeidet med MAREANO. (2) Belastningsfullmakt kap. 571 post 21., ytterlegare kr 500 000 til arbeidet med kommunereform, oppdrag 8. (3) Belastningsfullmakt kap. 872 post 71. Kr 2 000 000 til arbeidet med uu. Nytt oppdrag 9.	25.01.2017
16/02768-24	KLD	Belastningsfullmakt kap. 1410, post 21. Kr 3 000 000 til arbeidet med nasjonal detaljert høgdemodell.	02.02.2017
16/02768-26	KUD	Belastningsfullmakt kap. 326, post 01. Kr 5 454 000 til arbeidet med stadnamn, SSR, med vidare.	21.02.2017
16/02768-33	KMD	Tillegg til tildelingsbrev nr. 2. Godkjenning av overføringane frå 2016, kap. 595, post 01,21 og 30.	22.03.2017
16/02768-35	KLD	Godkjenning av overføringane frå 2016, kap. 1424, post 21 (MAREANO)	04.04.2017
08/04750-10	KLD	Tilskot 350 000 – Arctic SDI.	27.06.2017
16/02768-41	KMD	Tillegg til tildelingsbrev nr 3. (1) Nytt oppdrag 10 om massedistribusjonsløyning for matrikkelen, 16,5 mill. kr (2) Nytt oppdrag 11. Diverse oppgåver knytte til pbl., 2,32 mill. kr. (3) nytt oppdrag 12 om skjermingsverdige objekt.	28.06.2017
16/02768-43	KMD	Tillegg til tildelingsbrev nr. 4. (1) Ytterlegare 0,6 mill. kr til tiltak under oppdrag 11. (2) Oppdrag om tekniske tilpassingar i matrikkelen som følgje av ny eigarseksjonslov.	01.09.2017
16/02768-54	KMD	Tillegg til tildelingsbrev nr. 5. (1) Ytterlegare 0,4 mill. kr til tiltak under oppdrag 11. (2) 1,0 mill. kroner til oppgradering av omsyn til IKT-tryggleik.	14.11.2017
16/02768-59	KMD	Tillegg nr. 6 til tildelingsbrev for Kartverket. Justerte budsjettildelingar for 2017 som følgje av ny-saldering av budsjettet.	22.12.2017

Belastningsfullmaktene er nærmare omtalte i del VI og tidlegare i del II i oversikta over øyremerkte tildelingar. Elles dreiar punkta nemnt over seg stort sett om justeringar knytte til krav eller føringar frå tildelingsbrevet, og dei er difor ein del av omtalen tidlegare i del III.



PÅ #HACK4NO I OKTOBER DELTOK 350 BARN OG UNGDOMAR PÅ JUNIORHACK, NOREGS STØRSTE KODETREFF, DER DEI MELLOM ANNA LÆRTE Å PROGRAMMERE, LAGE KART OG BYGGJE DRONAR.

FOTO: OLE MAGNUS GRØNLIE

// EI SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING I HØVE TIL SAMFUNNSOPPDRAGET OG REKNESKAPSRESULTATET TOTALT.

Samfunnsoppdraget vårt er gjeve opp saman med «føremål» i revidert verksemds- og økonomi-instruks av 21. april 2017. Det går ikkje klart

fram kva som er høvesvis føremål og samfunnsoppdrag. Vi meiner det første avsnittet er ganske dekkande for samfunnsoppdraget vårt:


Kartverket er staten sitt fagorgan for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Kartverket skal dekke eit felles databehov som mange brukarar har for kart, stadfesting og annan geografisk informasjon. Kartverket skal byggje og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur for sjø og land, og samarbeide med kommunane, statlege etatar og andre som bidreg til det offentlege kartgrunnlaget. Kartverket skal etablere og forvalte nasjonale kart og register, og gjere desse tilgjengelege for offentlege og private brukarar og ålmenta generelt. Kartverket skal syte for ei effektiv formidling av eigne data og stimulere til auka bruk av geografisk informasjon, i tett dialog med brukarane.

Tildelingsbrevet gjev opp oppgåver og område som skal ha særleg merksemd i 2017. Dette er gjort greie for tidlegare i del III, med status på 11 styringsparametrar og 12 oppdrag i tildelingsbrevet for 2017. I tillegg er det nokre konkrete føringar som er omtalte. Vi har gjennomgåande oppnådd gode resultat og innfridd dei krava som er stilte. Der vi ikkje er heilt i mål, har det i det vesentlege forklaringa si i at vi er avhengige av dialog og samarbeid med andre partar, og at dette har teke meir tid enn forventa. Nokre av måla som vi sjølv har sett er veldig ambisiøse, og vi har ikkje hatt full uttelling i 2017. Måla er framleis viktige og riktige, men vil ta noko lenger tid å oppnå. Vi vil også nemne at vi er involverte

i fleire tekniske utviklingsprosjekt med ny teknologi og svært dynamiske rammevilkår. Det fører med seg ein vesentleg risiko for både forseinkingar, meirkostnader og endra omfang/kvalitet. Nokre avvik har det vore, men det er gledeleg å sjå at mykje er korrigert i løpet av året. Med andre ord har vi vore i stand til å setje i verk verknadsfulle tiltak.

Vi har hatt ein svært stor utnyttingsgrad på tildelte middel. Der som det er avvik skyldast dette stort sett kontrollerte forseinkingar og utsetjingari eksterne leveransar. Rekneskapsresultatet vårt er nærmare gjort greie for under del VI.

**DEL IV
STYRING OG
KONTROLL
I VERKSEMDA**



PÅ #HACK4NO 27. OKTOBER SLEPTE KARTVERKET KJELDEKODA BAK BORDER GO. DET ER EIN PROTOTYPE TIL EIN APP DER DU VED HJELP AV AR-TEKNOLOGI (AUGMENTED REALITY – UTVIDA VERKELEGHEIT) KAN SJÅ EIGEDOMSGRENSER GJENNOM MOBILKAMERAET.



// VESENTLEGE TILHØVE/ENDRINGAR VED VERKSEMDA SI PLANLEGGING, GJENNOMFØRING OG OPPFØLGING

Kartverket har god styring og kontroll, som er tilpassa eigenarten og behova våre. I 2017 har Kartverket oppnådd alle vesentlege mål og resultatkrav fastsette av eigardepartementet vårt.

I Kartverket skjer styring og rapportering på 7 resultatansvarlege einingar. Resultateiningane er dei fire divisjonane (geodesi, land, sjø og tinglysing), IT, tenestene samla og kartverkstaben. I 2016 gjorde vi ei mindre justering ved at kartverksstaben og tenestene blir styrte og følgde opp samla.

Etikk

Kartverket utarbeidde eigne etiske retningslinjer i 2014 og gjorde ein del tiltak knytte til opplæring og medvitsgjerding i samband med det. I 2017 har vi sett behov for ei oppdatering av desse retningslinjene, mellom anna på grunn av at dei overordna etiske retningslinjene for Staten har blitt reviderte to gongar i løpet av året. I tillegg har metoo-kampanjen aktualisert fleire problemstillingar knytte til varsling og trakassering. Leiargruppa drøfta på møtet i november om ein var kjende med nokre aktuelle tilfelle rundt trakassering / seksuell trakassering i Kartverket. Sjølv om ein frå leiinga si side ikkje er kjende med nokre konkrete hendingar eller saker om brot eller avvik på våre etiske retningslinjer eller andre kritikkverdige tilhøve, betyr ikkje det at det ikkje finst. Temaet – både

metoo og varsling – vart også omtalt av kartverks-sjefen på allmøte i desember. Det vart minna om at det er varslingsrutinar i Kartverket og at det skal vere trygt å varsle i Kartverket. Kartverkssjefen heldt også ei innleiing i AMU hausten 2017 om varsling og varslingsutvalet som ho leiar.

Vi erkjenner likevel eit kontinuerleg behov for i større grad å ha eit aktivt tilhøve til forvaltnings-etiske problemstillingar. Medarbeidarundersøkinga gjennomført på slutten av 2017 viser også at dette er eit tema vi bør ha oftare på dagsorden, samtundes som svara på undersøkinga kan tyde på at ein ikkje opplever det etisk krevjande å arbeide i Kartverket. Vi vil jobbe meir aktivt med etikk i 2018, under dette å revidere dei etiske retningslinjene våre.

Medarbeidarundersøking

I oktober vart det gjennomført ei medarbeidarundersøking i Kartverket etter same mal som tidlegare, siste gongen var i 2015. Kartverket brukar Avant, som er eit verktøy for gjennomføring av medarbeidarundersøkingar i staten. Resultata var klare i november, og det har blitt sett i gang eit systematisk arbeid med å arbeide vidare med resultata i dei ulike einingane. Dette følgjast opp vidare i 2018.

Undersøkinga har ein svarprosent på 82, mot 88 for to år sidan. Vi har grunn til å tru at nedgangen kjem av den tilsette si uvisse knytt til kor vidt undersøkinga er anonym. Dette skal Kartverket dokumentere betre neste gong vi gjennomfører tilsvarande undersøking. 82 % er likevel ein relativt høg svarprosent. På fire av åtte hovudområde skårar Kartverket høgare enn gjennomsnittet av andre verksemdar i staten, på dei andre fire hovudområda er vi på gjennomsnittet. Samanlikna med resultata for to år sidan er vi i hovudsak på same nivå, men det er to hovudområde der det er ein liten nedgang. Høgast skår får vi på det å gjere ein ekstra innsats ved behov, og på spørsmål om kva som forventast av meg i jobben min.

To tema som vi skårar relativt lågt på er knytte til etikk og samarbeid. Det er naturleg nok ein del variasjonar internt i einingane våre, og vidare oppfølging vil bli noko differensiert.

I år er det stilt sterke krav til oppfølging av undersøkinga, og vi har m.a. utvikla eit prosessstøtte-verktøy. Meininga med oppfølginga er at vi nyttiggjer oss resultata frå undersøkinga inn i ein prosess der den einskilde eininga gjennom ein sams diskusjon kjem fram til gode og realistiske bevarings- og forbetringstiltak for arbeidsplassen.

Risikostyring

Risikostyring er ein integrert del av verksemdstyring og blir følgt opp i mål- og resultatstyring gjennom året, både i verksemdsplanar og tertialrapporteringar.

Risikovurderingar og risikoreduserande tiltak til resultateneingane blir drøfta på tertialvise dialogmøte og elles etter behov. I Kartverket driv vi risikostyring primært på oppdragsnivå, samt på eit utval av prioriterte og viktige prosjekt. I 2017 har vi

gjennomført risikostyring på 64 prosjekt/oppdrag knytte til mål sette i verksemdsplanane (VP). I tillegg kjem ein del prosjekt som er blitt starta opp etter at VP-ane er godkjende. Desse gjennomfører også risikostyring i tråd med rammeverket vårt for prosjekt- og porteføljestyling. Det betyr mellom anna månadleg rapportering til porteføljestyret der risiko er ein av seks parametar. Under kvart prosjekt/oppdrag blir mål, styringsparameter og risiko for manglande måloppnåing gjevne opp. Deretter blir moglege tiltak identifiserte. I prinsippet er det fire val for korleis ein skal handtere risiko:

- » akseptere risikoen
- » dele risikoen
- » unngå risikoen
- » redusere risikoen

I instruksen vår heiter det at Kartverket i tertialrapportane skal gjere greie for risikovurderingar og eventuelle risikoreduserande tiltak knytte til vesentlege risiko. Vi følgjer dette spesielt opp i 1. tertial, der det vart vurdert

- » om det er sett klare mål for arbeidet i 2017
- » om det finst dokumenterte og oppdaterte risikoanalysar som vurderer risiko for måloppnåing
- » kva slags kvalitet risikoanalysen har

Vi har ikkje vurdert det som rasjonelt og høveleg å repetere alle risikovurderingane og risikoreduserande tiltaka våre i denne rapporten, men vi har gjennom året hatt fleire med raudt/kritisk risikonivå. Tiltak er blitt sette i verk og vi har vurdert den samla risikoen for Kartverket til å vere akseptabel. Vi opplever aukande grad av mogeheit når det gjeld risikostyring.

Det interne rammeverket vårt for risikostyring med tilhøyrande prosedyre var planlagt revidert i 2017, men dette måtte utsetjast til 2018.

Verksemds- og økonomiinstruks

Kartverket fekk også i år ein revidert «Verksemds- og økonomiinstruks» frå KMD datert 21.04.2017. På bakgrunn av denne og ein del interne endringsframlegg har vi i løpet av 2017 jobba med ein revisjon av den interne verksemds- og økonomiinstruksen vår. Ein ny versjon vil bli gjort ferdig i 1. tertial 2018. Den interne instruksen er eit godt hjelpemiddel for å gjennomføre ei effektiv og høveleg planlegging og styring av Kartverket.


IT-infrastruktur

Vi vurderer IT-infrastrukturen i Kartverket til å vere robust, fleksibel og med eit tilfredsstillande tryggingnivå. Likevel ser vi at trusselnivået i samfunnet generelt er aukande slik at vi kontinuerleg må jobbe med forbetra tiltak og ny teknologi for å møte desse utfordringane. Sjå meir om dette i eige punkt om tryggleik seinare i del IV.

«Organisk vekst» i talet på serverar og lagringsbehov er så høg at vi heile tida må vere merksame på dette. Med «organisk vekst» meiner vi datavekst som følgje av normal produksjon. På toppen kjem nye og større satsingar som ny høgdemodell.

Diagrammet viser utviklinga i lagringskapasitet målt i terrabyte (TB) dei siste åra.

Lagringskapasitet i TB



Internkontroll

Kartverket sitt system for internkontroll baserer seg i hovudsak på ISO 9001 (system for kvalitetsstyring), som i liten grad avvik frå rettleiaren for internkontroll frå DFØ. Kartverket brukar TQM forbetring som verktøy for avvikshandtering og forbetring. Status for avvik og forbetringframlegg brukast som del av ordinær verksemdsstyring, til dømes i tertialoppfølging eller i avdelingsmøte. Det er framleis store forskjellar i graden av kor moden dei ulike einingane våre er innan systematisk forbetring.

Finansdepartementet bad i rundskrivet sitt R-117 om ei vurdering av innføring og innretting av internrevisjon i tråd med retningslinjer frå DFØ.



Denne vurderinga vart frå vår side i all hovudsak utført i 2015, men det formelle svarbrevet vårt om dette vart først sendt i juni 2016. Internrevisjonen er gjennomført i heile Kartverket sidan 2011 som eit ledd i Kartverket si satsing på kvalitetsstyring. Internrevisjon inngår som eit av leinga sine verkemiddel til kontroll, oppfølging og forbetring. Kartverket har oppdatert prosedyren for internrevisjon og det vart utarbeidd eit revisjonsprogram for 2017 som følgde dei nye retningslinjene frå DFØ. Kartverket brukar ISO 19011 som standard for internrevisjon, men skal også bruke standardar frå IIA (Institute of Internal Auditors) der det er passande.

Kartverket gjennomførte i 2017 eit revisjonsprogram med 10 internrevisjonar innanfor økonomi, prosjektstyring, verksemdsleiing, kvalitetsstyring, personaloppfølging samt administrativ tryggleik og IKT-tryggleik. Det vart ikkje avdekt kritiske avvik, men det er forbetringshøve innan risikostyring, førebyggjande tryggleik og etterleving av gjeldande prosedyrar. Tre revisjonar utsetjast til 2018. Det er også gjennomført ein ekstern revisjon frå DNV GL av styringsprosessar i sjødivisjonen i samband med resertifisering etter ISO 9001. Avvik og observasjonar registrerast i TQM-forbetring.

Riksrevisjonen gjennomførte ein eigen revisjon av informasjonstryggleik i Kartverket som held fram i 2018. NSM sitt tilsyn av tryggleik frå 2015 vart avslutta i 2017 etter utgreiing for behandling av avvik og meir langsiktige tiltak.

Kartverket utførte også tryggleiksinspeksjonar hos tre leverandørar av trygginggraderte anskaffingar. Det er funn på manglande etterleving av regelverk og interne rutinar som indikerer usikre prosessar av til dels alvorleg karakter. Dette er stadfesta av tilsyn frå NSM hos ein leverandør, og det kan potensielt påverke leverandøren si klarering og leveranseevne. Dette krev tettare oppfølging av leverandørane våre i samarbeid med NSM

Bemannings-, kapasitets- og kompetanse-situasjonen i verksemda

Vi har en stor del faste kostnader, av desse er lønskostnaden den største enkeltposten (jf. nøkkeltal under del II). Vi har difor sett det nødvendig å ha ei sterkare styring med utviklinga i talet på årsverk. Som volumtalet i del II viser ser vi i 2017 ein viss auke i talet på årsverk. Auken på 14 årsverk frå 2016 kjem i hovudsak frå auka bemanning innan IT og økonomi. I talet for 2017 er det ca. 30 mellombelse årsverk som slutta ved årsskiftet. Desse blir ikkje overførte til 2018. Det vil bli noko oppbemanning og nyttilsetjingar i 2018, men ikkje i same omfang. Vi forventar difor at talet på årsverk ved utgangen av 2018 vil vere godt under 2016-nivå. Dette er ei styrt utvikling som følgje av trongare økonomiske rammer i 2018, for å få større fleksibilitet til å handsame endringar og nye oppgåver i tida framover. Statsansatteloven vart gjort gjeldande frå 1. juli, der hovudregelen for tilsetjing skal vere fast. Dette har resultert i at Kartverket i andre halvår har gjort om 12 mellombelse stillingar til faste stillingar.

Kartverket har dekkjande kompetanse på kort sikt i høve til eksisterande prosessar og arbeidsmetodar, men vi treng ein større del med ny kompetanse for å leggje til rette for nødvendige endringar i tida som kjem. I delar av verksemda har vi ein relativt stor del tilsette over 60 år, og mange av desse sit med kritisk kompetanse. Ei slik utskifting av bemanninga som følgje av naturleg avgang, vil også seie at vi får eit høve til å tilpasse kompetansen til dei endringane vi ser kjem, og til den kompetansen som det er behov for. Det har i 2017 vore gjennomført eit arbeid med å utarbeide metodikk og systematikk for å jobbe med kompetanseutvikling i Kartverket, arbeidet har resultert i tre prioriterte kompetanseområde. Tema som prosjektleiing, leiarutvikling og innovasjonskompetanse er det behov for i fleire einingar og det er planlagt med sams tiltak i 2018. Internt har vi vår eigen «Kartverkskole», eit kurscenter som organiserer det meste av kursverksemda.

Vi har god tilgang på søkarar ved ledige stillingar. Eitt utviklingstrekk her er at det opplevast utfordrande med fleire kandidatar som ønskjer å vere unnateke offentleg innsyn, i lys av auka digitalisering, høve for søk og generell auke i publisering av søkjelister frå lokalaviser.

Innanfor nokre definerte fagområde er det likevel vanskeleg å rekruttere kvalifiserte fagfolk, og vi merkar også godt konkurransen med privat sektor.

Vi erfarer at vi innanfor IKT har greidd å byggje ein sær tung utviklingskompetanse dei siste åra. Særleg gjeld dette for utvikling, vedlikehald og drift av våre eigne store register. Dette gjer oss i stand til å handtere arbeidet med eigne ressursar utan å vere for avhengig av mykje kostbar konsulenthjelp. På bakgrunn av at fleire større løysingar vart sette i drift i 2017, har vi styrka IT-kapasiteten vår. Dette har vi gjort med fleire faste tilsetjingar og mindre bruk av eksterne konsulentar.

Prosjekt og oppstarta tiltak knytte til verksemda sine system (for styring og kontroll)

Innføringa av Agresso som forretningssystem i Kartverket pågår framleis. Vi har bygd opp kompetanse og hausta nyttige erfaringar i bruken av systemet. Vi har likevel ikkje oppnådd all den forbetringa vi har ønska, om å utnytte systemet betre som verktøy for styring og kontroll. Hovudforklaringa er at nøkkelressursar har vore prioriterte inn i prosjektet «Innføring av Statlege rekneskapsstandardar og overgang til ny tilknytingsform». Dette prosjektet har også medført monalege endringar i vår styringsmodell og økonomimodell.


I siste halvdel av 2016 vart det jobba godt med innføring av porteføljestyling i Kartverket. Rammeverk, malar og prosedyrar er reviderte og til dels utarbeidde. Sentrale prinsipp frå porteføljestyling vart inkluderte i planprosessen for 2016, og full porteføljestyling med månadleg oppfølging vart realisert frå januar 2017. Gjennom året har ca. 20 viktige prosjekt for Kartverket fått ei særleg oppfølging på denne måten. Ei evaluering halvvegs inn i 2017 konkluderte med at vi var på rett spor.

Forvaltninga av eigne eigedelar (materielle verdier)

Kartverket har eit eige materiellrekneskapsregister som frå og med 2014 er integrert i forretnings-systemet vårt, Agresso.

Oppfølging av avdekte svake sider/utfordringar, under dette merknader frå Riksrevisjonen

Riksrevisjonen hadde ingen merknader til 2016-rekneskapa til Kartverket og vi mottok ei umodifisert revisjonsmelding. Kartverket har gjennom 2017 hatt jamleg kontakt med Riksrevisjonen i samband med Riksrevisjonen sin revisjon av Kartverket. Tilhøve som har kravd oppfølging frå vår side er fortløpande følgde opp og svart ut. Hausten 2017 gjennomførte Kartverket eit prøve-



årsoppgjær etter ønske frå eige departement. Årsaka var omlegging til ny tilknytingsform. Vi fekk positive tilbakemeldingar frå Riksrevisjon og eige departement på gjennomføringa.

Ut over det som er nemnt over har vi sjølvsagt mange andre utfordringar i Kartverket der vi ønskjer å forbetre både prosessar og resultat. Her kan det mellom anna visast til omtale av somme avvik i del III. I denne samanhengen vel vi å trekkje fram to område særleg:

» Einskapleg styring internt


Over fleire år har vi jobba med å endre styringa av Kartverket frå eit system med autonome divisjonar til meir heilskapleg, felles og overordna styring. Dette arbeidet skjer på mange nivå, frå Kartverket si leiargruppe til praktisk verksemdsstyring. Etablering av sams styringsprinsipp er noko som har fått auka merksemd. Overgang til SRS og ny tilknytingsform har på mange måtar tvunge oss til å forsterke innsatsen på dette området. I 2017 har m.a. porteføljestyling bidrege til meir einskapleg styring.

» Høgt sjukefråvær i eigeomsdivisjonen

Denne divisjonen har alltid hatt eit høgare sjukefråvær, enn dei andre divisjonane. Det er fleire naturlege forklaringar, spesielt at det er høg kvinnedel (ca. 83 %). Dette er langt høgare enn kvindedelen på landsbasis (47 % jf. Arbeidskraftundersøkinga frå SSB). Det er eit klart mål for oss å redusere sjukefråværet, og det er jobba systematisk og godt med dette i mange år. Vi følgjer utviklinga i sjukefråværet tett og har god dialog med både bedriftshelsetenesta og den sjukmelde. I diagrammet under ser vi den positive utviklinga i sjukefråværet i perioden 2012–2017.

Ein ser ein liten auke i 2016, men når vi ser bak tala er ikkje biletet så eintydig. Vi meinte i fjor at resultatet for 2016 var ein korreksjon, og at vi over tid framleis har ei positiv utvikling. Resultat for 2017 stadfestar dette. Det er elles verdt å merke seg at tala frå og med 2017 ikkje er heilt samanliknbare med tidlegare tal, jf. annan omtale av organisasjonsendringar i årsmeldinga.

Sjukefråvær eigeomsdivisjonen




Vesentlege personalmessige tilhøve, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og liknande.

I toppleinga til Kartverket er det små endringar i 2017. Kartverksjef Anne Cathrine Frøstrup vart i mai 2016 oppnemnt til å leie eit offentleg utval om den framtidige organiseringa av særorgana til politiet. Dette arbeidet heldt fram til juni 2017 og har ført til at assisterande kartverkssjef Knut Arne Gjertsen delvis har fungert som kartverksjef også i 2017, samstundes som Reidun Kittelsrud har hatt ansvaret for tenestene og har vore ein del av leiargruppa.

Etter ein vesentleg nedgang i sjukefråværet i perioden 2013–2015, vart det ein viss auke i 2016. Sjukefråværet for 2017 er på same nivå som 2016. Ein analyse av bakgrunnstala viser at det er noko meir langtidsfråvær i 2017 samanlikna med 2016. Det langsiktige målet vårt om å kome ned under 5,0 % sjukefråvær ligg framleis fast. Det er likevel store variasjonar i sjukefråværet mellom dei ulike resultateneiningane. Dei siste 10 åra er 2015 det einaste året vi har hatt eit sjukefråvær som er lågare enn 5 %. Utviklinga i eigeomsdivisjonen er omtalt spesielt ovanfor.

Sjukefråvær 2015–2017




I Kartverket har vi medarbeidarar med bakgrunn frå 37 land fordelte over heile verda. Det er totalt 78 medarbeidarar med utanlandsk bakgrunn, av desse har ca. 30 ikkje-vestleg bakgrunn. Dette er på same nivå som dei to føregåande åra. Vi opplever ei stor interesse for fagområda våre, og at Kartverket er ein attraktiv arbeidsgjevar sett frå eit internasjonalt perspektiv.


Når det gjeld alder og kjønnsfordeling er situasjonen veldig stabil. Ved utgangen av 2017 er kjønnsfordelinga 46,9 % menn og 53,1 % kvinner. Fleire detaljar om kjønnsfordeling og likestilling finst i eige vedlegg.

Gjennomsnittsalderen i Kartverket er 47,1 år. Det er om lag som dei to føregåande åra, men klart høgare enn perioden 2012–2014. 16 % av medarbeidarane er over 60 år. Det er ein svak auke samanlikna med 2016. Vi ser på det som både ei utfordring og ei moglegheit, jf. omtalen av turnover.

Alder snitt 2012–2017



Turnover 2010–2017



Kartverket har over lengre tid hatt ein relativt sett låg og stabil turnover. Gjennomsnittet for 2010–2017 ligg på 5,3 %, og i ein slik tidshorisont er trenden også fallande. Den vesle auken vi såg i 2015, er korrigert i 2016, og 2017 viser om lag same nivå. Låg turnover kan vere ein indikasjon på god trivsel og eit godt arbeidsmiljø. Samtidig kan det vere negativt med ein for låg turnover, då ein ikkje får inn nok ny og oppdatert kompetanse.

Ein stor del av arbeidsplassane våre er lokaliserte

i distrikt der moglegheita for alternativt arbeid er avgrensa. Ein turnover i storleiken 6–9 % vil etter vår vurdering vere sunt for Kartverket.

I 2012 starta Kartverket arbeidet med ein eigen handlingsplan for universell utforming for perioden 2013–2015. Handlingsplanen med sine 65 tilhøyrande tiltak, er følgt opp i linja gjennom ordinær verksemdsstyring, og overordna status gjevast ein gong om året. Handlingsplanen er no fullført, og temaet universell utforming følgjast opp som ein del av ordinær verksemdsstyring og mellom anna HMS-arbeid.

HMS-arbeidet i Kartverket følgjer ein fast årleg prosedyre. Planar og årsmeldingar blir gjort tilgjengelege for alle tilsette. Gjennomførte HMS-aktivitetar i 2017 er mellom anna mål- og utviklingssamtalar, ei verneombodssamling, fysiske vernerundar, medarbeidarundersøking med oppfølging, revitalisering av AKAN-arbeidet og AMU-møte.

I 2017 har vi ikkje hatt nokre varslingsaker. Vi vil likevel nemne at på bakgrunn av metoo-kampanjen har Kartverket gjennomgått rutine og retningslinjene våre knytte til varslings- og vurdert det slik at desse er på plass, men kan forbetras. Sjå elles omtale tidlegare i del IV om etikk.

Kartverket er medvitne om ansvaret vårt når det gjeld likestilling (kjønn, etnisitet og funksjons- evne), både ved stillingsutlysing og tilsetjingar. Kartverket er ikkje kjent med at det førekjem diskriminering korkje på kjønn, etnisitet eller alder. Kartverket hadde i 2016 ei sak der ein stillingssøkar klaga til Likestillings- og diskrimineringsombodet. Påstanden var knytt til etnisk diskriminering som følgje av at vedkomande ikkje vart kalla inn til intervju. Ombodet konkluderte med at vi ikkje hadde forskjellsbehandla søkjaren i strid med lova. Søkjaren klaga på avgjerda til Likestillings- og diskrimineringsnemda og Kartverket har i 2017 fått medhald i saka. Denne saka vart også omtalt i årsmeldinga for 2016.

Kartverket hadde berre ein person på tiltak i samarbeid med NAV i 2017. Dette er vesentleg lågare enn i dei to føregåande åra der vi hadde 6 personar. Dei fleste tiltaksplassane har vi normalt hatt i eige- domsdivisjonen, med arbeid innanfor tinglysing. På grunn av overgang til elektronisk tinglysing, og intern OU-prosess, har eininga ikkje hatt kapasitet til å ta inn personar på tiltak i 2017. Vi vil følgje opp dette i 2018, med sikte på å auke talet sett i høve til 2017.

Organisasjonsendringar

I 2016 vart det jobba med å implementere rutinar og grensesnitt mellom sjødivisjonen, IT og tenestene som følgje av OU-prosessen i 2015. Dette har blitt følgt opp vidare i 2017.

Kartverket vedtok hausten 2016 at ein frå 1. januar 2017 skulle slå saman matrikkel- og stadnamnavdelinga med tinglysingsdivisjonen. Dette vart eigedomsdivisjonen i Kartverket. «Flat samanslåing» var ein av føresetnadene for samanslåinga. Vidare vart det føresett gjennomført ein OU-prosess i 2017. Denne har blitt gjennomført på ein grundig og god måte. Det har vore ei eiga prosjektgruppe med ansvaret for å utarbeide analysar, løysingar og avgjerdsgrunnlag i tråd med prosjektplanen, samt bidra til forankring av arbeidet i organisasjonen. I prosjektperioden frå januar til oktober vart det gjennomført 16 møte i prosjektgruppa, og i tillegg hadde ei utvida arbeidsgruppe fire heildagssamlingar. Agenda Kaupang har vore engasjert som ekstern konsulent gjennom heile prosessen, noko som har vore vellykka. Forhandlingar og godkjenning av ny organisering vart gjennomført 27. oktober 2017. Implementering markerast 22. januar 2018, og det jobbast kontinuerleg med små og store tiltak for å samansmelte nye avdelingar og seksjonar.

Geodesidivisjonen har gjennom ein intern strategi-prosess i første halvår og ein OU-prosess i andre halvår, freista å leggje til rette for ei meir effektiv utnytting av ressursar. OU-prosessen har vore fokusert på å tydeleggjere ansvar i roller som betrar brukarorienteringa vår, og kan leggje grunnlag for meir effektive prosessar i betring av tenestene våre. Eit anna moment har vore å spisse verksemda inn mot kjerneområda. Eit nytt organisasjonskart med fleire nye roller vart vedteke på slutten av 2017.

Frå 1. oktober 2016 gjekk internasjonale tenester ut av landdivisjonen og vart mellombels flytta til tenestene. I tillegg til bistand skal eininga utvikle rolla som Kartverket sitt internasjonale kontor. Det vart samtidig starta ei utgreiing av korleis arbeidet med internasjonale saker i Kartverket, under dette bistand, best kan ivaretaast. Dette vart vedteke på leiarmøte i april 2017, der den mellombelse løysinga vart gjort permanent. Eininga er fast knytt til tenestene og rapporterer til assisterande kartverksjef.

Med samanslåing av Nord- og Sør-Trøndelag vil det samtidig gjennomførast ei endring av organi-

seringa ved dei to kontora våre i desse fylka. Etter ein god prosess med ei breitt samansett arbeidsgruppe, vart ny modell vedteken i september 2017. Kontorstadene i Steinkjer og Trondheim vart slått saman med sams leiging, men vi opprettheld begge lokasjonane som kontorstader. Tilsvarande løysing er også vald for dei to nordlegaste fylkeskartkontora våre. Der har det gjennom fleire år vore same fylkeskartsjef for både Tromsø- og Vadsøkontoret. Frå 1. januar 2018 rapporterer desse kontora saman i Fylkeskartkontoret Tromsø Vadsø. Nytt namn på kontoret er på vent etter val av nytt fylkesnamn ettersom Troms og Finnmark slåast saman.

Tryggleik og beredskap

Risikonivå og tryggleikstilstand til Kartverket har i 2017 vore prega av særleg to ting:

- » **Implementering, opplæring, etterleving og forbetring av styringssystem for informasjons-tryggleik i tråd med ISO 27001**
- » **Tre tryggleikstruande hendingar**

Tryggleiksarbeidet elles dreidde seg mykje om følgjande tiltak og moment:

- Det eksterne trugsmålsbiletet endrar seg, og trugsmålnivået også mot KV aukar. Sjølv om vi betrar tryggleiksstyringa og gjennomfører tryggingstiltak er det ikkje sikkert at vi held tritt, handlar raskt nok eller tilstrekkeleg. Det er ein vanskeleg balanse.
- Sikringsrisikoanalyse (SRA) for lokasjon Stavanger er gjennomført og behandlast samstundes som tiltak frå SRA Hønefoss er under gjennomføring
- Avvik etter tilsyn frå NSM i 2015 er lukka, men langsiktige tiltak og forbetring held fram
- Interne avvik, revisjonar og tryggleiksgjennomgangar viser framleis behov for å auke tryggleiksmedvit og risikoforståing i heile Kartverket i tillegg til ordinær tryggleiksopplæring.

Sett i samanheng med tidlegare funn frå tilsyn hos leverandørar og andre registrerte tryggingshendingar knytte til leverandørar, er det heilt klart at leverandørtryggleik har høg risiko på strategisk nivå, og må følgjast vesentleg tettare opp enn tidlegare. Det er planlagt eit leverandørseminar i samarbeid med NSM då manglande tryggleiksstyring ikkje er knytt til ein enkelt leverandør åleine. Funn hos to andre leverandørar og samarbeidspartnarar (innan forvaltning og formidlingstenester) tydar på behov for risikoanalysar, betre risikostyring og kontroll av tryggleik ved strategiske IKT-løysingar. Sjø meir om dette i eige vedlegg.



DEL V
VURDERING AV
FRAMTIDSUTSIKTER

Som følge av den teknologiske utviklinga i samfunnet opplever vi at geografiske data etterspørjast og kan nyttiggjerast til stadig fleire formål, for effektivisering og verdiskaping. Dette stillar større krav til oss: til å levere relevante data, sjå til at dei er tilgjengelege og enkle å ta i bruk til nye formål – også for aktørar utanfor den tradisjonelle geomatikkfaglege bransjen.

Om vi nasjonalt skal greie å utnytte dette potensialet må vi frå Kartverket si side evne å ta inn dei nye brukarbehova, analysere og tilretteleggje leveransane våre raskt. Dialog med nye og eksisterande brukarar, utdanningsmiljø, innovative teknologibedrifter og offentlege verksemder på veg inn i auka digitalisering blir viktig. Det er avgjerande at vi evnar å formidle kompetanse om dataa våre, kvar dei kan hentast og korleis dei kan nyttiggjerast, og samtidig som vi evnar å systematisk hente inn, prioritere og agere på tilbakemeldingar om korleis leveransane kan bli betre.


Eit konkret døme er den utflatinga vi ser på oppslag mot cache-tenestene (jf. volumtal i del II, og skildring i del III), som i kombinasjon med brukartilbakemeldingar tyder på at vi må ta stilling til alternative distribusjonsløysingar.

Gjennom å engasjere oss i hackathons, inkubatormiljøet StartupLab og deltaking i forskings- og innovasjonsprosjekt m.a. for auka utnytting av posisjonsteknologi, synleggjere demonstratorar og døme på bruk av dataa våre, kan vi spreie kunnskap om moglegheitene i geografiske data. Satsinga med StartupLab i 2017 har gjeve Kartverket mange nye arenaar å formidle

leveransane sine og få kunnskap om behova til brukaren. Dette har vore nyttig. Ut i frå ei kost/ nytte-vurdering har vi likevel vedteke at vi ikkje held fram med dette samarbeidet i 2018. Vi vil freiste andre tiltak og arenaar framover.

Dei auka tryggingstrugsmåla i samfunnet elles råkar også Kartverket og IT spesielt. Vi ser tendensar til at dette påverkar evna vår til å utføre ordinære IT-oppgåver på drift, og til å understøtte Kartverket sine prioriterte satsingar og utviklingsprosjekt. Auka krav til tryggleik vil føre med seg behov for vesentlege investeringar på fleire av lokasjonane våre, samt i IT-infrastrukturen og i vår permanente geodetiske infrastruktur.

På kort sikt er vi spente på Stortinget si behandling av Prop 148 L (2016–2017) – organisering av eigedomsoppmåling. I tildelingsbrevet for 2018 er vi pålagde å lage ein plan for å følgje opp denne, og dei konsekvensar dette har på matrikkelen. Det er også forventa at vi skal starte arbeidet med planen medio 2018. Dette er i praksis ei forvaltningsreform som krev planar for organisering, opplæring, teknisk utvikling med vidare (t.d. autorisasjon av landmålarar og matrikkelføring av nye oppmålingsforretningar). Dette er difor ei potensielt ny stor oppgåve til Kartverket.



2017 har vore det første året med ei eiga eining i Kartverket som utfører matrikkelføring i kommunane. Bakgrunnen for dette er matrikkellova § 5a, spørsmål om bistand frå kommunar, påtrykk frå andre eksterne interessentar og behovet for å heve kvaliteten i matrikkelen. Det har vore eit krevjande første år, med både interne utfordringar av teknisk karakter og eksternt mot delar av dei kommunane vi har inngått avtale med. Likevel er behovet stort og dette vil bli vidareført. Det har også vore gjennomført intern kompetanseheving i 2017 innan emnet oppmålingsforretning. Dette vil vere viktig kompetanse knytt til lovendringsframlegget Stortinget skal behandle våren 2018, jf. Prop 148 L (2016–2017) – organisering av eigedomsoppmåling.

Ei noko mindre sak er Stortinget si behandling av Prop 161 L (2016–2017) – Grenselova. Framlegget fører med seg fleire endringar som vil gjere at arbeidet til Kartverket med riksgrenser aukar i omfang.

Kartverket har styrka innsatsen sin når det gjeld stadnamnsaker. Kartverket ønskjer raskare avgjerder i denne sakstypen. Ressursknappleik i Språkrådet er ei utfordring i dag, og ser ut til å bli det framover. I høve til lov om stadnamn er vedtak frå Kartverket om skrivemåte for stadnamn avhengig av at Språkrådet kjem med si tilråding. Vi har i 2017 vore i kontakt med Språkrådet for å ta opp uroinga vi har knytt til at kapasiteten hos namnekonsulentane reduserast. Manglande kapasitet hos namnekonsulentane i Språkrådet kan påverke moglegheita vår til å nå noverande og framtidige lovpålagde mål knytte til stadnamn.

Vi veit at det er eit sterkt ønske om at det utviklast ein publikumsportal for elektronisk tinglysing. Vi starta dette arbeidet i 2018, men dette vil tidlegaste vere operativt i 2019.

Det nye jordobservatoriet i Ny-Ålesund overførast gradvis til linja etter kvart som det ferdigstillast. I realiteten vil Kartverket no drive to observatorium, og må fortsetje med det inntil den gamle antenna kan takast ned i 2021. Drifta av det nye jordobservatoriet kjem til å koste meir enn drifta av det gamle. Dette blir ei utfordring å finansiere framover, og vil kunne føre med seg omprioriteringar.

CPOS er i dag ei nyttig teneste som brukast i aukande grad. Mindre bruk av CPOS-tenesta eller av grunnndata, kan gje økonomiske utfor-

dringar for Kartverket. Det er uvisst kor reell ein slik situasjon er, men vi ser at det dukkar opp nye globale tenester som på sikt kan kome til å utkonkurrere CPOS-tenesta, samstundes som infrastrukturen og kostnadene til drift av denne ikkje kan avviklast utan at det får konsekvensar for fagansvaret vårt.

Vi ser at det at det skjer mykje utanfor Kartverket, som påverkar framtidig bruk av geodetiske referanserammer og presise posisjonsavgjerdssystem. Fleire land har valt å styrke finansieringa av geodetisk infrastruktur over nasjonale budsjett for å tilby gratis tilgang til nye samfunnsnyttige formål. Korleis bør vi stille oss til ei slik utvikling? Kva vil framtidige brukarar krevje av høgdesystema våre, og korleis blir den framtidige bruken av GNSS? Som nemnt tidlegare i del V er det naudsynt at vi jobbar systematisk med potensielle og eksisterande brukarar for å finne svar på desse spørsmåla.

Vi registrerer at det er ein debatt om korleis statlege verksemdar er organisert på landsbasis, og meir konkret korleis ein har delt inn landet i ulike geografiske regionar. Dette er delvis knytt til kommune- og regionreforma. Det kan potensielt påverke strukturen vår med fylkeskartkontor. I ein intern rapport i 2016, har vi peika på fleire tilhøve som rettferdiggjjer dagens struktur med lokal tilknytning for oppgaveløysing. Strukturendringane vi gjer frå 1. januar 2018 som gjeld fylkeskartkontora i Trøndelag og Troms / Finnmark samsvarar godt med dei framtidige regionane.

Regiondelinga vil også seie at til dømes ansvaret for mellom anna vegar i større grad overførast til regionane. Endringane kan bety at Kartverket i aukande grad må rette seg etter den enkelte regionen i staden for Vegdirektoratet som ei eining.

Som omtalt i del IV har vi i 2017 hatt eit utfordrande år når det gjeld fleire tilhøve knytt til tryggleik. Trugsomnivået aukar, krava til Kartverket blir strengare og krava våre til leverandørar blir følgjeleg strengare. Vi har forsterka innsatsen på tilsyn og kontroll, noko som viser seg å vere nødvendig. Det er også verdt å merke seg at tryggleiksbrot og/eller avvik kan ha mange konsekvensar av meir indirekte karakter, utover effekt på dei grunnleggjande tryggleiksmåla om konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit. Vi har døme på avvik som gjer at ein leverandør har mista klareringa si. Det gjer

at denne leverandøren ikkje kan vere med å konkurrere om oppdrag for Kartverket. Ein økonomisk effekt av dette for Kartverket er mindre konkurranse i marknaden og høgare prisar. Det igjen fører til dårlegare måloppnåing knytt til det samfunnsoppdraget vi skal løyse. Sjå meir om desse trendane og utviklingstrekk i den vedlagde rapporten om tryggleikstilstanden.

«IT is Business, Business is IT». Denne erkjenninga set ny dagsorden og premiss for utviklinga av verksemder sine prosessar og samhandling. Dette er og blir relevant for Kartverket også. Samfunnet endrar seg stadig raskare og blir meir digitalt. Det blir i aukande grad forventat digitalt avgjerdsgrunnlag frå offentlege aktørar. Kartverket blir ein viktig aktør i produksjon, forvaltning, distribusjon og bruk av digitale data og løysingar. Om vi maktar å gjere dataa våre tilgjengelege på ein måte som brukarane oppfatar som god. Ikkje minst blir det viktig for Kartverket å utvikle gode digitale løysingar saman med andre offentlege verksemder med sikte på å etablere gode innbyggjartenester, slik som OECD har peika på som relevant vidareutvikling av digital offentlig verksemd i Noreg. Geolett er eit slikt døme. Samarbeidet i SKATE er viktig som kunnskapsgrunnlag og samhandling her.

Innanfor sjøkartlegging er vi godt utstyrte med tre nye målebåtar. Likevel er morfartøyet M/S Hydrograf 35 år gamal, og på noko lengre sikt må vi vurdere utskifting og /eller endring i konsept / driftsform. Vi ser også at drifta av båtane / fartøya våre har relativt store kostnader for Kartverket, og omfattande reparasjonar og liknande kan bli krevjande å finansiere. I tillegg utviklast det nye måtar å samle inn djupnedata på. Dette vil vi følge opp vidare i 2018.

Kartverket har over mange år hatt eit økonomisk samarbeid med andre etatar og verksemder. Det dreiar seg om ulike typar «spleiselag» (samfinansiering), der ein går saman for å dele på kostnadene. Dette er i all hovudsak samfunns-økonomisk gunstig, men vil også føre med seg noe uvisse i høve til finansiering. Svikt i samfinansieringa frå avtalen mellom Kystverket og Kartverket og frå MAREANO, er døme på område der dette kan ha innverknad på vår måloppnåing.

Vi ser også eit behov for vidareutvikling mot brukarane når det gjeld djupnedata. Det er framleis behov for gode navigasjonsdata, men vi ser

også eit aukande behov for betre marine data. «Blue is the new black». Altså havet som fortsett delvis uutnytta ressurs krev i større grad betre marine data, under dette djupnedata. Prosjektet «Marine grunnkart i kystsona» vil difor vere eit viktig satsingsområde for Kartverket (saman med Havforskningsinstituttet og NGU) framover.

På tinglysingsområdet er det hovudsakleg to tilhøve som kan påverke evna vår til å nå fastsette mål dei nærmaste 1–3 åra:

- » utviklinga i eigedomsmarknaden
- » brukarane si vilje til å ta i bruk elektronisk tinglysing

Fram til i år hadde vi også med vår evne til å setje e-tinglysing i drift på ein god måte som eit slikt tilhøve. Det kan vi no leggje bak oss. Utviklinga i eigedomsmarknaden er ein ekstern faktor som har direkte påverknad på om vi når dei oppsette måla våre. Det har vore ein auke i talet på rettsstiftingar dei siste åra, sjølv om vi ser ein liten korleksjon og utflating i 2016 og 2017. Årsakene er samansette, men eit vedvarande lågt og avtakande rentenivå har vore ein viktig faktor. Økonomisk vekst og befolkningsvekst er to andre årsaker. Vi overvakar utviklinga nøye for å kunne setje inn tiltak til riktig tid, men er førebudde på at vi må takle årlege aukar i saks- mengde tilsvarande det vi har sett dei siste åra.

Ein viktig suksessfaktor for innføringa av elektronisk tinglysing er at eksterne profesjonelle brukarar vel å ta fagsystemet i bruk. Ordninga er ikkje obligatorisk, og det er heller ikkje vurdert eller skissert økonomiske stimuleringsiltak for å få brukarane over på ordninga. Tidlegare i årsmeldinga har vi gjort greie for at elektronisk tinglysing ikkje blir teke i bruk i så stor grad som føresett (jf. spesielt del III – Evalueringar). Vi vil framleis arbeide nært med brukargruppene for å motivere dei til å ta den nye løysinga i bruk, men her kan det vere at ytterlegare tiltak frå Staten vil bli naudsynt. Ønskt vinstrealisering avhenger at løysinga blir teken i bruk.

Kartverket vil innan dei rammene det årlege tildelingsbrev set, framleis arbeide for auka brukarnytte via tilrettelegging for auka digitalisering både hos brukarar og internt, og for auka brukarnytte av relevante data. Utfordringane vil vere å sikre god drift, syte for meir tryggleik på eit stadig meir krevjande økonomisk og teknisk nivå, og samstundes ha tilstrekkeleg løfteevne for utvikling og innovasjon.

DEL VI **ÅRSREKNESKAP**



// LEIINGSKOMMENTARAR

Føremål

Kartverket er underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Hovudoppgåvene til Kartverket er å samle inn, systematisere, forvalte og vidareformidle offentleg geografisk informasjon. Dette fører med seg eit ansvar for samordning av arbeidet med den geografiske infrastrukturen i landet gjennom rolla som nasjonal geodatakoordinator, samt produksjon og forvaltning av nasjonale digitale kartseriar for land og sjø, og ansvar for drift av dei nasjonale registra for offentleg eigdomsinformasjon og stadnamn-register. Kartverket er også tinglysingsstyresmakt for heile landet.

Endra tilknytingsform

Frå 1. januar 2017 endra Kartverket tilknytingsform frå forvaltningsbedrift til bruttobudsjettert forvaltningsorgan. Samstundes innførte Kartverket bruk av SRS – dei statlege rekneskapsstandardane. Kartverket fører rekneskopen etter to finansielle rammeverk; 1) kontantrekneskap, etter krava for statsrekneskopen, og 2) periodisert verksemdsrekneskap, i samsvar med SRS.

Som følge av endra tilknytingsform og innføring av SRS, ønskte departementet at Kartverket skulle gjennomføre eit prøveårsoppgjer – jf. punkt 7.1 i tildelingsbrevet. Gjennomføringa av prøveårsoppgjeret viste at verksemda har greidd omstillinga til ny tilknytingsform og innføring av SRS på ein god måte, sjølv om det framleis er nokre utfordringar. Prøveårsoppgjeret er sendt over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Riksrevisjonen.

Vesentlege tilhøve

Kartverket fekk i 2017 ei samla tildeling i revidert nasjonalbudsjett (RNB) på 55,3 mill. kr. Tildelinga

har bakgrunnen sin i oppgjer av forvaltningsbedrifta og inndekkinga for inngåtte forpliktingar (31,3 mill. kr), arbeid med matrikkelen i samband med kommune- og regionreforma (16,5 mill. kr), ekstra utbetaling i samband med omlegging av utbetalingstakta i Primar (13,5 mill. kr), og ein reduksjon i løyving i samband med oppgjer av reguleringsfondet frå forvaltningsbedrifta (-6 mill. kr).

I 2017 hadde Kartverket ei samla tildelt utgiftsramme på ca. kr 1,3 mrd., og eit inntektskrav på kr 823 mill. Inkludert i utgiftsramma er også middel til dekking av utgifter i samband med nytt jordobservatorium i Ny-Ålesund på Svalbard (post 30).

På dei einskilde utgiftspostane hadde Kartverket i 2017 ein utnyttingsgrad på 100,8 % på driftsutgifter (post 01), 102,8 % på spesielle driftsutgifter (post 21) og 51,8 % på jordobservatoriet i Ny-Ålesund (post 30).

På dei einskilde inntekstpostane hadde Kartverket i 2017 eit innfridd inntektskrav på 100,3 % på gebyrinntekter tinglysing (post 01), 236,0 % på inntekter sal og abonnement (post 02) og 103,1 % på inntekter samfinansiering (post 03).

Hovudårsakene til meirutgifter er utgifter knytte til auka aktivitet og omsetning. Hovudårsakene til meirinntekter er innanfor områda Geovekst datafangst, ny digital høgdemodell, interkommunalt geodatasamarbeid og middel frå Utanriksdepartementet.

Mindreutgiftene på jordobservatoriet i Ny-Ålesund (post 30) skyldast vesentleg at det er brukt mindre middel til SLR og VLBI instrumentering, forseinkingar i avtale om anskaffing av breibandsfeed og at forskotsbetalinga til NASA vart lågare enn føresett.



På inntekter fra sal og abonnement (post 02) og inntekter fra samfinansiering (post 03) har Kartverket meirinntektsfullmakt kopla opp mot postane 01 og 21 på utgiftssida. Meirinntektene på dei aktuelle inntektspostane utgjør 70,945 mill. kr. Desse meirinntektene dekkjer opp meirutgifter på postane 01 og 21 på 17,104 mill. kr. Kartverket søker såleis om ei overføring frå 2017 til 2018 på 53,841 mill. kr. I tillegg kjem overføring på jordobservatoriet i Ny-Ålesund (post 30) på 31,041 mill. kr.

I verksemdsrekneskapen hadde Kartverket ei omsetning på 1 280 mill. kr, som gav eit resultat på minus 18 132 mill. kr. Det negative resultatet botnar i belastningsfullmakta som Kartverket har på kap./post 1424/21 – Mareano, der det er rekneskapsført påløpte kostnader, medan inntektsføringa er basert på kontantprinsippet i høve til retningslinjene.

Av den totale omsetninga utgjør sal og abonnementsinntekter ca. 10,7 % og samfinansieringsinntekter ca. 27,2 %.

Kartverket krev også inn dokumentavgift og tinglysingsgebyr på vegne av staten. Inntektene her utgjorde respektive 9 248,9 mill. kr og 422,5 mill. kr til saman 9 671,4 mill. kr.

Stadfesting

Årsrekneskapen til Kartverket er avlagd i høve til regelverk og vilkår for økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet, verksemds- og økonomiinstruks frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, samt Kartverket sin interne verksemds- og økonomiinstruks.

Årsrekneskapen til Kartverket er fullstendig og gjev eit rettvissande bilete av Kartverket sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og kostnader, inntekter, eigarar og gjeld.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Kartverket. Revisjonsmeldinga skal liggje føre innan 1. mai 2018.

HØNEFOSS 13. mars 2018

ANNE CATHRINE FRØSTRUP
KARTVERKSSJEF

// VESENTLEGE TILHØVE VED ÅRSREKNESKAPEN

Frå 1. januar 2017 endra Kartverket tilknytingsform frå forvaltningsbedrift til bruttobudsjettert forvaltningsorgan. Samstundes innførte Kartverket bruk av SRS – dei statlege rekneskapsstandardane.

Rekneskapen for 2016 er ikkje omarbeidd til ny tilknytingsform. Fjorårstala i løyvingsrapporten vil såleis gje avgrensa samanlikningsgrunnlag. For verksemder som har utarbeidd opningsbalanse per 01.01.2017 skal opningsbalansetal visast i kolonnen for samanlikningstal. Det er vidare ikkje krav om samanlikningstal for resultatrekneskapen. Dette i høve til DFØ si rettleiing til verksemdsrekneskapen etter SRS for rekneskapsåret 2017 (utgjeven desember 2017).

Note D er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i tildelingsbrevet. Kartverket er bede om, i eigen note til årsmeldinga, å synleggjere kor stor del av utgiftene på kap 595, postane 01 og 21 som er finansierte ved inntekter frå kap 3595, postane 02 og 03. Spesifikasjonen inneheld konkrete lønskostnader og talet på årsverk.

Kartverket har i 2017 inntektsført resten av midla etter rettsoppgjeret med Norsk Eiendomsinformasjon (NE). Av det inntektsførte beløpet på 44,7 mill. kroner, er det sett av 10 mill. kroner til å finansiere prosjekt som ikkje vil ha inntening i 2017. Kartverket har eit krav i tildelingsbrevet om å oppretthalde eit forsvarleg nivå på denne kapitalen.

Endring av tilknytingsform per 01.01.17 innebar at reguleringsfondet til Kartverket per 31.12.16 måtte gjerast opp. Fondet skulle dekkje framtidige forpliktingar som Kartverket hadde ved årsskiftet. Dette var ikkje teke omsyn til i tildelte rammer for budsjettåret 2017. Kartverket mottok som følgje av dette, 25,3 mill. kroner i RNB (revidert nasjonalbudsjett) til å dekkje avviket mellom mellomverande i statskassa og Kartverket sine inngåtte forpliktingar i 2017.

Vidare fekk Kartverket følgjande justerte budsjettildelingar for 2017 i RNB: 16,5 mill. kroner i auka løyving til arbeid med matrikkelen i samband med kommune- og regionsreforma og 13,5 mill. kroner til å dekkje ekstra utbetalingar i samband med omlegging av utbetalingstakta

i Primar. For sistnemnte er ikkje heile løyvinga brukt i 2017 på grunn av problem med utbetalingar til einskilde medlemsland. Dette dreier seg om 4,1 mill. kroner som er forventna utbetalt i 2018.

// KONTANTREKNESKAPEN

PRINSIPPNOTE


Årsrekneskap er utarbeidd og avlagd etter nærmare retningslinjer fastsette i vilkår om økonomistyring i staten («vilkåra»). Årsrekneskapen er i høve til krav i vilkåra i punkt 3.4.1, nærmare vilkår i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av november 2016 og tilleggskrav fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og arts-kontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i vilkåra i punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen.

- » **Rekneskapen følgjer kalenderåret**
- » **Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret**
- » **Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp**
- » **Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet**

Oppstillingane av løyvings- og arts-kontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i vilkåra punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Kartverket er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i høve til krav i vilkåra punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder tilførast ikkje likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten på året nullstillast saldoen på den einskilde oppgjerskonto ved overgang til nytt år.



Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Kartverket har rapportert til statsrekneskapen. Det stillast opp etter dei kapittel og postar i løyvingsrekneskapen Kartverket har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva Kartverket har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar Kartverket står oppført med i staten sin kapitalrekneskap.

Mottekne fullmakter til å belaste ei anna verksemd sitt kapittel/post (belastningsfullmakter) visast i kolonnen for samla tildeling og er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og visast i kolonnen for rekneskap. Kartverket har ikkje avgjeve belastningsfullmakter i 2017.

Fullmakt utsett utgifts- og inntektsføring – samfinansiering

Kartverket har omfattande samarbeid med andre partar om finansiering og gjennomføring av prosjekt knytte til geografisk infrastruktur. Denne type prosjekt klassifiserast som samfinansieringsprosjekt.

Av tildelingsbrevet til Kartverket for 2017 går det fram at samfinansierte prosjekt forståast som prosjekt der fleire partar går saman om sams finansiering av prosjekt knytte til geografisk

infrastruktur. For å ta hand om rekneskapsmessige utfordringar knytte til partane si innbetaling av forskot i samfinansieringsprosjekt har Kartverket fått fullmakt til å føre innbetalningar av forskot i slike prosjekt på ein balansekonto knytt til mellomverande med statskassa. Inntektsføring skjer først når tilsvarande utgifter/kostnader utbetalast/påløper. Dette prinsippet gjeld både i verksemdsrekneskapen og løyvingsrekneskapen.

Note C er utarbeidd særleg for Kartverket for å gjø eit bilete av dette, og handlar om spesifisering av mellomverande med statskassa – kontant.

Rapporteringskrav i tildelingsbrevet

Note D er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i tildelingsbrevet. Kartverket er bede om, i eigen note til årsmeldinga, å synleggjere kor stor del av utgiftene på kap 595, postane 01 og 21 som er finansierte ved inntekter frå kap 3595, postane 02 og 03. Spesifikasjonen inneheld konkrete lønskostnader og talet på årsverk.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal Kartverket har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Kartverket har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og difor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

// OPPSTILLING AV LØYVINGSRAPPORTERING, 31.12.2017

Tal i 1 000 kr

UTGIFTS- KAPITTEL	KAPITTELNAMN	POST	POSTTEKST	SAMLA TILDELING	REKNESKAP 2017	MEIRUTGIFT (-) OG MIN- DREUTGIFT
0595	Statens kartverk	01	Driftsutgifter	881 752	888 886	-7 134
0595	Statens kartverk	21	Spesielle driftsutgifter	361 747	371 720	-9 973
0595	Statens kartverk	30	Geodesiobservatoriet i Ny-Ålesund	64 411	33 370	31 041
1424	Mareano	21	Spesielle driftsutgifter	48 646	24 330	24 316
0326	Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	01	Driftutgifter	5 454	5 454	-
0500	Kommunal og moderniseringsdep.	21	Spesielle driftsutgifter	4 320	4 320	-
0571	Rammetilskot til kommunar	21	Spesielle driftsutgifter	5 500	2 114	-
0872	Barne- og likestillingsdep.	71*	Universell utforming	2 000	1 984	-
1410	Klima- og Miljødep. Miljøforskning og miljøovervaking	21	Spesielle driftsutgifter	3 892	3 892	-
0471	Erstatningsansvar	71	Erstatningar	-	51	-
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter	-	1 999	-
SUM UTGIFTSFØRT				1 377 722	1 338 120	-
INN- TEKTS- KAPITTEL	KAPITTELNAMN	POST	POSTTEKST	SAMLA TILDELING	REKNESKAP 2017	MEIRINN- TEKT OG MINDRE- INNTÉKT (-)
3595	Statens kartverk	01	Gebyrinntekter tinglysing	424 000	425 209	1 209
3595	Statens kartverk	02	Sal og abonnement	44 100	104 077	59 977
3595	Statens kartverk	03	Samfinansiering	350 546	361 510	10 964
5565	Dokumentavgift	70	Dokumentavgift		9 250 030	-
5700	Inntektene til folketrygda	72	Arbeidsgjevaravgift		69 746	-
SUM INNTEKTSFØRT				818 646	10 210 571	-
NETTO RAPPORTERT TIL LØYVINGSREKNESKAPEN					-8 872 452	-
KAPITALKONTOAR					REKNESKAP 2017	
60085401	Noregs Bank KK/innbetalningar				10 118 513	
60085402	Noregs Bank KK/utbetalningar				-1 358 225	
724080	Endring i mellomverande med statskassa				112 164	
SUM RAPPORTERT					0	
Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)						
KONTO	TEKST			2016	2017	ENDRING
626005	Aksjar			14	14	0
724080	Mellomverande med statskassa			-252 244	-140 080	112 164

* Tildeling kapittel 872. Kartverket har fått tildelt middel til universell utforming på kapittel 872 post 71. Det går fram av tildelingsbrevet at desse midla også kan brukast under kapittel 872 post 21 om utgiftene brukast til tiltak i statlege verksemdar. Kartverket har rapportert desse midla på post 71.

// NOTE A, FORKLARING PÅ SAMLA TILDELING

KAPITTEL OG POST	OVERFØRT FRÅ I FJØR	ÅRETS TILDELINGAR	SAMLA TILDELING
595.01*	15 719	866 033	881 752
595.21	140	361 607	361 747
595.30	36 736	27 675	64 411
3595.01	0	424 000	424 000
3595.02	0	44 100	44 100
3595.03	0	350 546	350 546

* Løyvinga er fråtrekt 2 mill. kroner som blir disponert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet

// NOTE B, FORKLARING TIL BRUKTE FULLMAKTER OG UTREKNING AV MOGLEG OVERFØRBART BELØP TIL NESTE ÅR

KAPITTEL OG POST	STIKKORD	MEIRUTGIFT (-)/ MINDRE UTGIFT	UTGIFTSFØRT AV ANDRE IHT. AVGJEVNE BELASTNINGSFULLMAKTER	MEIRUTGIFT (-) MIN-DREUTGIFT ETTER AVGJEVNE BELASTNINGSFULLMAKTER	MEIRINNTEKT/ MINDREINNTEKT (-) IHT. MEIRINNTEKTS-FULLMAKT
595.01	«kan nyttast under kap. 595, post 21 og 45»	-7 121	0	-7 121	17 735
595.21	«kan overførast», «kan nyttast under kap. 595, post 01 og 45»	-9 983	0	-9 983	53 206
595.30	«kan overførast»	31 041	0	31 041	-

FORTS. KAPITTEL OG POST	OMDISPONERING FRÅ 01 TIL 45 ELLER TIL POST 01/21 FRÅ NESTE ÅRS LØYVING	INNSPARINGAR (-)	SUM GRUNNLAG FOR OVERFØRING	MAKS. OVERFØRBART BELØP*	MOGLEG OVERFØRBART BELØP REKNA UT AV VERKSEMDA
595.01		0	10 614	43 302	10 614
595.21		0	43 223	-	43 223
595.30		0	31 041	-	31 041

* Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspost 01. De andre driftspostene kan overføres.

Tal i 1 000 kr

Mottekne belastningsfullmakter

Kartverket har motteke følgjande belastningsfullmakter, og brukt følgjande beløp:

KAPITTEL /POST		SAMLA TILDELING	BRUKT BELØP
326.21	Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	5 454	5 454
500.21	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	4 320	4 320
571.21	Rammetilskot til kommunar	5 500	2 114
872.71	Barne- og likestillingsdepartementet	2 000	1 984
1410.21	Klima- og miljødepartementet	3 892	3 892
1424.21	Mareano	48 646	24 330

Tildeling kapittel 326, post 21

Midla er gjevne av Kulturdepartementet til arbeid med å dekkje utgifter Statens kartverk har for å ta vare på forvaltningsoppgåver etter stadnamnlova, under dette å drifte og utvikle Sentralt stadnamnregister (SSR), tilgjengeleggjere opplysningar frå registeret, fastsetje skrivemåten av naturnamn og nedarva gards- og bruksnamn og skrivemåten av namn for andre statlege etatar dersom ikkje anna er bestemt i lov eller forskrift, og bruke riktige stadnamn på kart og websider og -applikasjonar.

Tildeling kapittel 500, post 21

Midla er gjevne av Kommunal og moderniseringsdepartementet til arbeid knytta til pbl. og IKT-tryggleik.

Tildeling kapittel 571, post 21

Midla er gjevne frå rammeoverføring til kommunesektoren med vidare, til ivaretaking av rolla som teknisk koordinator for statlege etatar om IKT-spørsmål i kommune- og regionreforma. Vidare vere kontakt med fagleg støtte for kommunane i samband med endringar av kommunenummer og adressering som følgje av kommune- og regionreforma.

Tildeling kapittel 872, post 21

Midla er gjevne av Barne- og likestillingsdepartementet til å styrkje kunnskapsutveksling, kompetanseheving og informasjon om universell

utforming på viktige samfunnsområde som planlegging, bygg, anlegg, uteområde, transport og IKT.

Tildeling kapittel 1410, post 21

Midla er gjevne av Klima- og miljødepartementet til arbeidet med nasjonal detaljert høgdemodell.

Tildeling kapittel 1424, post 21 Mareano

Midla er gjevne til gjennomføring av aktivitetar i MAREANO-programmet i tråd med programmet sin aktivitetsplan for 2017. Dette er ei årleg belatningsfullmakt for Kartverket som gjev høve for overføring til neste år.

Stikkordet «kan overførast»

Løyvinga til Kartverket på kapittel/post 595.21, 595.30 og 595.45 er gjevne med stikkordet «kan overførast». Beløpet stammar frå tildelingar gjevne innanfor dei to siste budsjettåra og beløpet inngår som ein del av mogleg overførbart beløp.

Stikkordet «kan nyttast under»

Løyvinga til Kartverket på kapittel/post 595.01 og 595.21 er gjeven med stikkordet «kan nyttast under». Dette gjev Kartverket høve til å bruke løyving gjeven på kap. 595, post 01, også under post 21 og 45. Tilsvarande gjeld for kap. 595, post 21, som kan brukast under post 01 og 45.

Avgjevne belastningsfullmakter

Kartverket har ikkje avgjeve nokre belastningsfullmakter i 2017.

Kartverket er tildelt følgjande fullmakter for 2017:**Romartalsvedak II - Meirinntektsfullmakter Fullmakt til å overskride driftsløyvinga**

Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kap. 595, post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03.

Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kap. 595, post 21 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03.

Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kap. 595, post 45 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3595, post 04.



ORTOFOTO (FLYFOTO) OVER REBBENESØYA

FOTO: NORGE I BILDER/KARTVERKET

Romartalsvedtak VI - Meirinntektsfullmakter Bestillingsfullmakt

Kartverket kan gjere bestillingar av kartgrunnlag utover gjeven løyving på kap. 595, post 21, men ramma av nye bestillingar og gammalt ansvar kan ikkje overstige MNOK 250.

Jordobservatoriet i Ny-Ålesund

Kartverket kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret på kap. 595, post 30 for å gjennomføre prosjektet innanfor styringsramma til Kartverket. Jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014).

Romartalsvedtak IV - Meirinntektsfullmakter Samfinansiering

